



ÅRSMELDING 2021



Ansvarleg for årsmeldinga: Brynjulf Stige

Ansvarleg for indikatordata og vedlegg 1 og 2: Liv Gunnhild Qvale

Ansvarleg for vedlegg 3a-3d: Polyfons arbeidsgrupper

Ansvarleg for vedlegg 4: Polyfons erfaringspanel

Fråskriving: Årsmeldinga har nytta opplysningar frå Norsk pasientregister (NPR). Forfattarane av årsmeldinga er eineansvarlege for presentasjon og tolking av dei utleverte opplysningane. Registerforvaltar for NPR har ikkje ansvar for analysar eller tolkingar baserte på dei utleverte opplysningane.

Foto på framsida

- Oppe til venstre: Pandemien vart ein del av estetikken under Gjenklang-festivalen 2021. Foto: Harald Lexander.
- Midten til høgre: 1. desember 2021 vart ein merkedag for Polyfon: Kristianne Storhaug Ervik vart tilsett som klyngas første erfaringskonsulent. Foto: Frode Aass Kristiansen.
- Nede til venstre: Fagpersonar frå Sandnes kommune hadde ein interessant sesjon om musikkterapi og kommunale rustenester under Polyfon-konferansen 2021. Foto: Daniel Løset Kristiansen.

Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi er koordinert av Griegakademiet, Universitetet i Bergen.
Postadr.: c/o Griegakademiet, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen.
Besøksadr.: GAMUT, Nina Griegs gt. 4, 5015 Bergen. E-post: polyfon@uib.no.
Klyngeleiar: Brynjulf Stige, tlf. 971 69 746.

Forord

2021 vart ein interimperiode for Polyfon, etter at styringsgruppa i desember 2020 – etter seks års prosjektdrift – gjorde vedtak om å etablere kunnskapsklynga som ein fast samarbeidsstruktur, med meir nasjonal orientering enn tidlegare.

Årsmeldinga for interimperioden følgjer den malen vi har brukt for årsmeldingane tidlegare år, med unntak av vedlegg 3a-3d frå Polyfons arbeidsgrupper. I staden for at arbeidsgruppene summerer opp eigen aktivitet det siste året, gjev desse vedlegga i år resultatata av ei evaluering der vi får arbeidsgruppene sitt perspektiv på eige arbeid i heile klyngas prosjekt- og interimperiode (2015-2021).

I interimperioden i 2021 var det viktig og nødvendig å arbeide med klyngeavtale og ein fagleg plattform for vidare drift. Det har også vore arbeid med å leggje til rette administrativt for Polyfon som fast samarbeidsstruktur, t.d. gjennom førebuing av at stillinga som administrativ koordinator for klynga frå 1. januar 2022 vert overført frå NORCE til UiB, som ert den koordinerande klyngedeltakaren.


Samstundes føregjekk det også mykje interessant tverrfagleg utviklingsarbeid i 2021, der vi t.d. kan nemne Høgskulen på Vestlandet sitt initiativ til etablering av ei arbeidsgruppe for musikk og musikkterapi som undervisningstema i aktuelle profesjonsutdanningar innan oppvekst, helse og sosial.

I løpet av året vart klynga styrkt med tre nye deltakarar: Helse Fonna, Norges musikkhøgskole og Undergruppe Vestland (Vestland fylkeskommune, Helse Førde, Kinn kommune og USHT Vestland/Sogn og Fjordane). Dette styrker den faglege kompetansen i klynga. Det geografiske nedslagsfeltet for kunnskapsklynga er også utvida, og det at begge utdanningsinstitusjonane og forskingsmiljøa i musikkterapifaget i Noreg no er med i Polyfon-samarbeidet byggjer grunnlaget for eit nasjonalt løft.

For å styrke føresetnadene for nasjonalt samarbeid, har Polyfon i løpet av interimperioden også etablert strategiske samarbeid med nasjonale organisasjonar og kompetansemiljø, nemleg: Norsk forening for musikkterapi, Fagrådet – Rusfeltets hovedorganisasjon, Nasjonal kompetansetjeneste for psykisk helsearbeid (NAPHA) og Nasjonal kompetansetjeneste ROP. I framtida vert det viktig å byggje tilsvarande samarbeidsrelasjonar til nasjonale kompetansemiljø innan t.d. eldrehelse og barn og unges oppvekst.

I løpet av året er eit solid grunnlag for vidare utvikling og samarbeid bygd opp. Vi gler oss til vidare samarbeid og takkar alle som har bidratt til ei utvikling som vil kome brukarar, tenester og samfunn til gode!

Helsing



Brynjulf Stige
Leiar Polyfon



Geir Lien
Leiar styringsgruppa i Polyfon

Innhald

Forord	3
Innhald	4
1 Generelt om Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi	5
2 Samandrag	6
3 Kort om Polyfon-året 2021	7
Første kvartal	7
Andre kvartal	9
Tredje kvartal	11
Fjerde kvartal	13
4 Tenesteutvikling (delmål 1)	16
Klyngeaktivitet	16
Indikatordata	18
Vurderingar	21
5 Forsking (delmål 2)	22
Klyngeaktivitet	22
Indikatordata	24
Vurderingar	25
6 Utdanning (delmål 3)	26
Klyngeaktivitet	26
Indikatordata	27
Vurderingar	28
7 Formidling (delmål 4)	30
Klyngeaktivitet	30
Indikatordata	32
Vurderingar	33
8 Samhandling	34
Samhandling innanfor klynga	34
Nasjonal og internasjonal samhandling	34
9 Retning for vidare arbeid	35
10 Litteratur	35
Vedlegg 1: Rekneskapsrapport for Polyfon for 2021	36
Vedlegg 2: Polyfon-relaterte publikasjonar i 2021	37
Vedlegg 3: Innspel frå arbeidsgruppene i Polyfon	41
Vedlegg 4: Rapport frå Polyfons erfaringspanel 2018-2021	46

1 Generelt om Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi

Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi vart etablert 1. januar 2015. Dei tre første åra fekk klynga økonomisk støtte frå GC Rieber Fondene, med gåveforsterking frå NFR.

Prosjektperioden vart avslutta i desember 2020, medan 2021 har vore ein interimperiode.

Hovudmål for klyngesamarbeidet: Musikkterapi til alle som ønskjer og treng det.

Delmål:

1. Musikkterapi er integrert i tenestene på ein systematisk, kunnskapsbasert og brukarorientert måte.
2. Forskinga er praksisnær og behovsidentifisert og held internasjonal standard.
- 3a. Utdanning i musikkterapi er relevant, av høg kvalitet og av tilstrekkeleg omfang.
- 3b. Emne og/eller kurs om musikkterapi er integrerte i andre aktuelle profesjonsutdanningar, som t.d. sjukepleie-, psykolog-, lege- og lærarutdanningane.
4. Tenester og samfunn har kunnskap om og god kjennskap til musikkterapi som helseressurs.

Klyngedeltakarar ved utgangen av 2021 var:

- Bergen kommune
- Griegakademiet (UiB)
- Helse Bergen
- Helse Fonna
- Høgskulen på Vestlandet
- NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus
- NORCE Norwegian Research Centre
- Norges musikkhøgskole
- Undergruppe Betanien/Solli/Voss DPS
- Undergruppe Vestland (Vestland fylkeskommune, Helse Førde, Kinn kommune og USHT Vestland, S. og Fj.).

Det musikkterapeutiske praksisfeltet er vidt, frå arbeid med premature spedbarn til tilbod for eldre menneske. Både praksis- og forskingsfeltet omfattar også meir enn behandling i klinisk forstand, og omfattar t.d. arbeid med læring og utvikling, førebygging og oppfølging, omsorg og folkehelse.

Polyfon har så langt hatt fokus på fem praksisområde: 1) Barn og unges oppvekst, 2) Psykisk helse, 3) Rustenester, 4) Eldrehelse og 5) Palliativ behandling og omsorg. Det er etablert eit erfaringspanel for klynga og også arbeidsgrupper for dei fire første delområda.

Når Polyfon i 2022 vert etablert som fast samarbeidsstruktur, vil det også verte etablert eit nytt fagråd. I interimperioden vart det inga eiga fagrådssamling, slik det var dei fleste prosjektåra, men prosjektleiinga har ved behov hatt uformell kontakt og dialog med fagrådet frå prosjektperiodane:

- Tia DeNora: Professor in Music Sociology, University of Exeter, Storbritannia
- Lars Lien: Leiar for Nasjonal kompetanseneste for samtidig rusmisbruk og psykisk lidning (ROP)
- Katrina McFerran: Professor of Music Therapy, University of Melbourne, Australia
- Peter Tyrer: Professor of Community Psychiatry, Imperial College, London.

Alle deltakarar/partssamarbeid er representerte med ein representant i styringsgruppa, medan erfaringspanelet er representert med to representantar. Leiinga av klyngesamarbeidet har i 2021 vore:

- Prosjektleder: Brynjulf Stige, UiB
- Administrativt koordinatør: Liv Gunnhild Qvale, NORCE (vikar 2021: Harald Lexander, NORCE)
- Leiar i styringsgruppa: Geir Lien, Haukeland universitetssjukehus

Klynga er forankra ved Griegakademiet, UiB, og GAMUT (UiB/NORCE) koordinerer samarbeidet. For meir informasjon om klynga, sjå: Polyfon-nytt, Facebook og nettsida uib.no/polyfon¹

¹ For at lesarane skal finne nettsideinformasjonen, viser vi i denne årsmeldinga til den nye nettsida etablert i 2022.

2 Samandrag

Kunnskapsklynga arbeider for at musikk som helseressurs skal takast i bruk i heile landet, på ein brukarorientert og kunnskapsinformert måte.

Kapittel 1 gjev eit oversyn over klyngas målsetjingar og strukturar.

Kapittel 3 gjev ei kronologisk skisse av utvald klyngeaktivitet gjennom året, medan kapittel 4-7 gjev ei meir systematisk gjennomgang av klyngeaktivitet og samfunnseffekt, organisert etter klyngas fire delmålsetjingar (sjå kapittel 1).

Kapittel 4 presenterer klyngas arbeid med tenesteutvikling, der vi i presentasjon av aktivitet m.a. framhevar viktige nye musikkterapeutstillingar i Bergen kommune og Helse Fonna. Når det gjeld samfunnseffekten av klyngas arbeid, indikerer tal frå Norsk pasientregister 2016-2021 at kunnskapsklynga har ein klar effekt når gjeld implementering av musikkterapi i spesialisthelsetenesta. Vi har ikkje tilsvarende nasjonale tal for kommunal sektor å støtte oss til, men ein klyngedeltakar som Bergen kommune arbeider i aukande grad systematisk med utvikling av kommunale musikkterapeuttilbod. Det er behov for eit nasjonalt løft som kan bidra til å spreie desse erfaringane. Samstundes må vi halde fram med å leggje vekt på strategiar som kan sikre kvalitet og brukarmedverknad i tenestene.

Kapittel 5 gjev eit oversyn over forskning og prosjektutvikling i klynga. Hovudtyngda av aktiviteten på dette feltet er naturleg nok knytt til CREMAH (NMH) og GAMUT (UiB/NORCE), men det er svært gledeleg at forskingsaktiviteten er i ferd med å spreie seg til dei fleste deltakarane i klynga. Som Vedlegg 2 viser, var åtte av ti klyngedeltakarar involvert i publisering av musikkterapeutisk forskning i 2021 (mot tre av ni i 2020). Polyfons arbeid med forskning er dels heilt konkret, med utlysing av såkornmidlar og sommarstipend, arrangement av forskingsrelaterte webinar, rådgjeving om prosjektutforming m.m. I tillegg til dette konkrete arbeidet, prøver klynga på meir overordna vis å bidra til utvikling av robuste utviklingsøkosystemar for musikkterapiforskinga, med vekt på auka brukarmedverknad i forskning, styrkt samhandling mellom academia og tenester og betre tverrfaglege forskingsrelasjonar.

Kapittel 6 presenterer aktivitet og indikatorar innan utdanning, der vi ser at Polyfon bidreg til eit samspel mellom praksisfeltet og dei to profesjonsutdanningane i musikkterapi, m.a. ved at studentane får delta i prosjektutvikling. Dette gjev viktige innspel til utvikling av utdanningane. Etter initiativ frå Høgskulen på Vestlandet, vart det i 2021 også etablert ei eiga arbeidsgruppe for tverrfagleg samarbeid om profesjonsutdanning. Polyfon er dessutan involvert i arbeid for å leggje til rette for og stimulere eksternfinansierte ph.d.-prosjekt. Når det gjeld rekruttering til grunnutdanningane i musikkterapi, ser det ut til at Polyfons arbeid førebels har avgrensa effekt, noko det er grunnar til å sjå nærare på i åra som kjem.

Kapittel 7 gjev eit oversyn over Polyfons arbeid med informasjon og kommunikasjon. Musikkterapifaget er relativt synleg sett i forhold til storleiken på faget, men manglande eller overflatisk kjennskap til musikkterapi i samfunnet kan framleis reknast som ei hindring for implementering og fagutvikling. Polyfons arbeid i sosiale medium viser jamn vekst, særleg på Facebook, medan det er grunnar til å sjå nærare på korleis ein kan nå endå betre ut via andre medium.

Kapittel 8 skisserer mekanismane for samhandling i kunnskapsklynga, inkludert styringsgruppe, arbeidsgrupper og erfaringspanel. Ein av dei viktigaste møteplassane i klynga er den årlege Polyfon-konferansen. Etter eit pandemiavbrot i 2020, var det gledeleg at vi i 2021 igjen kunne ønskje velkomen til ein ny Polyfon-konferanse. Når klynga i 2022 vert ein fast samarbeidsstruktur med nasjonal orientering, vil det samstundes vere eit stort behov for å utvikle nye samhandlingsreiskapar gjennom digitalisering. Dette arbeidet er godt i gong.

Kapittel 9 handlar om klyngas vidare vegval. Kva retning det vidare arbeidet i klynga vil ta, vil vere avhengig av kva strategiske val styringsgruppa tar, men også av internasjonale og nasjonale utviklingstendensar og føringar, og av lokale behov og initiativ. I interimperioden i 2021 vart to viktige grunnlagsdokument for klynga utarbeidd, nemleg klyngeavtaleteksten og dokumentet «Polyfons faglege plattform». Desse to dokumenta vert ein del av grunnlaget for den strategiprosessen klynga vil initiere i 2022.

3 Kort om Polyfon-året 2021

Her gjev vi glimt av interimsåret 2021, med kronologisk presentasjon av utvalde hendingar i kunnskapsklynga. Når vi her løftar fram enkelthendingar, må vi ikkje gløyme at det ligg mykje kvardagsarbeid bak kvar hending, med mange viktige utviklings- og samarbeidsprosessar som ikkje alltid vert så synlege som dei fortener.

Vi omtalar ikkje alle hendingar, og det kan av og til vere krevjande å velje ut kva vi skal ta med. Vi har lagt særleg vekt på hendingar av klar relevans for realisering av dei måla klynga har sett seg (sjå kapittel 1). Når det t.d. gjeld publikasjonar, vil vi her berre omtale nokre få (men sjå vedlegg 2). Vi tar då med eksempel på publikasjonar som kan nå eit breitt publikum og bidra til realisering av Polyfons ambisjonar om å bygge tverrfagleg samarbeid og styrke kjennskapen til musikkterapi i tenester og samfunn.

Første kvartal

I første kvartal var fleire publikasjonar og formidlingstiltak med på å setje musikkterapi på kartet på nye måtar, og nye nasjonale samarbeid vart etablerte. Klynga kunne også dele ut midlar til nye forskingsprosjekt med god tilknytning til praksisfeltet. I mars kunne vi så med spenning følgje med på diskusjonen i fylkestinget i Vestland, der spørsmålet om vidare Polyfon-deltaking var oppe til handsaming:

Januar

I byrjinga av januar kom den 3. utgåve av [Håndbok i rusbehandling](#) på Gyldendal, med psykologspesialist Kari Lossius som redaktør. Denne utgåva legg meir vekt på recovery og brukarmedverknad enn tidlegare utgåver. For første gong inneheld handboka også eit kapittel om musikkterapi. Dette kapitlet inngår i del 4 av boka, om behandlingsmetodar, der det er kapittel om motiverande samtale, mentaliseringsbasert terapi, treningsterapi, kognitiv åtferdsterapi og altså musikkterapi. Forfatarane av det nye kapitlet er Brynjulf Stige (UiB), Hans Petter Solli (NMH) og Claire Mathern Ghetti (UiB).

I midten av januar kunne klynga leggje ut ein [ny rapport om musikkterapitenester for born og unge på Vestlandet](#). Med utgangspunkt i eitt av Polyfons sommarstipend, har musikkterapistudenten Karoline Widding (UiB) og musikkterapeutane Karin Antonia Mössler og Maren Metell (Bergen kommune) gjennomført ei kartlegging av musikkterapitenester for born og unge i Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal. Rapporten fokuserer m.a. på korleis musikkterapeutar møter dagens politiske signal om arbeid med ein inkluderande fellesskap i pedagogiske kontekstar.



Frå høgre: Musikkterapistudenten Karoline Widding (foto: privat) og musikkterapeutane Karin Antonia Mössler (foto: Sigrid Burger) og Maren Metell (foto: privat) har gjennomført ei kartlegging av musikkterapitenester for born og unge på Vestlandet. Det er eit grundig arbeid som er gjennomført, og fleire viktige problemstillingar for praksis, utdanning og forskning vert tatt opp.

Fredag 29. januar arrangerte UiB Lærernes dag (tidlegare fagleg-pedagogisk dag). Arrangementet var i år heildigitalt. Eitt av dei mange spennande føredraga hadde tittelen «Musikkterapi i forebyggende arbeid med barn og unge», av førsteamanuensis Viggo Krüger og stipendiat Ole Kristian Einarsen, Griegakademiet (UiB).

Februar

I midten av februar kunne Polyfon dele ut fem nye sommarstipend for musikkterapistudentar, nemleg eitt til Vita Glinskytè, eitt på deling til Denise Straume Hansen Mclvor og Irmelin H. H. Nielsen, eitt på deling til Johannes Melhus Medlien og Stefan Bjørnvag Langeland, eitt til Mathias Nilssen og eitt på deling til Eirik Sæle og David Solberg. Sjå kapittel 5 for detaljar.

På same tid kunne vi dele ut såkornmidlar til to nye forskingsprosjekt, nemleg til Lars Tuastad (Griegakademiet), i samarbeid med Bjarte Johansen og Morten Sommerbakk, og til Geir Olve Skeie (Griegakademiet/Helse Bergen) og Kjetil Vikene (UiB). Sjå kapittel 5 for detaljar.

I midten av februar vart vi også gjort merksame på at [WHO har gitt ut ein informasjonsvideo om musikkterapi](#). Videoen formidlar rusmisbrukar Arve sine erfaringar med musikkterapitilbodet ved psykoseavdelinga ved Betanien sykehus i Bergen. Arve beskriv møtet med musikkterapeuten som eit vendepunkt. Den utviklinga han gjekk gjennom i musikkterapi, beskriv han slik: «Nå er jeg ikke lenger bare en tidligere rusmisbruker, men også en som faktisk lager sanger. Det kan være en del av den nye identiteten min».



I WHO's video følger vi Arves utvikling, frå dei første usikre møta med musikkterapeuten og fram til hans første framføring av ein sjølvskrivne song. Bildet er ein skjermdump frå WHO's video om Arves musikkterapi. Produsent: World Health Organisation (WHO), produksjonselskap: Avia, regissør: Markus Odland.

I slutten av februar vart det klart at både Fagrådet – Rusfeltets hovedorganisasjon og Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid (NAPHA) ønskjer å inngå eit strategisk samarbeid med Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi.



Fagrådet sin leiar, Jan Gunnar Skoftedalen, seier i ein kommentar: «Vi er glade for denne avtalen med Polyfon. Musikkterapi har de siste årene vært en av våre faglige satsingsområder og vi vil gjerne bidra til mer rettferdig og jevn tilgang til tilbudet».



NAPHA's leiar, Ellen Hoxmark, seier: «Vi i NAPHA ser fram til å videreutvikle samarbeidet med Polyfon. Vi deler et verdigrunnlag som bygger på brukermedvirkning, recovery og meningsfull aktivitet».

I slutten av februar vart det dessutan klart at Bergen kommunes musikkoppfølgingstilbod MOT82, i bydelen Åsane, kan utvide med nye tilbod for dei unge, med meir vekt på helsefremmande og førebyggjande arbeid, utviding av musikkterapeutressursen, og også tre nye deltidsstillingar for erfaringskonsulentar. Utvidinga skjer etter ei raus gåve frå ein Bergens-familie.

Endeleg vart det i slutten av februar også klart at podkasten Musikkterapodden vil produsere nye episodar, med støtte frå Polyfon. Etter initiativ frå musikkterapeutane Malena Grov Ottesen (Øyane DPS, Helse Bergen) og Gerd Karine Lunde Torsvik (Bergen kommune), har podkasten Musikkterapodden vorte ei viktig kjelde til informasjon om musikkterapi. Du finn alle episodane [her](#).

Mars

10. mars gjorde Fylkestinget i Vestland eit samrøystes vedtak i tråd med fylkesrådmannens forslag om å vidareføre deltakinga i kunnskapsklynga Polyfon. Saka kom opp i fylkestinget fordi klynga vert ein permanent samarbeidsstruktur. Politikarar frå eit spekter av parti tok ordet. Nokre av dei momenta politikarane trakk fram, var: i) musikkterapi er stadig meir anerkjent som behandling, ii) helseregion vest er i front i bruken av musikkterapi, iii) musikkterapi skapar møtepunkt mellom kultur og helse, ved å bidra til meir inkluderande kulturliv og til meir brukarorienterte tenester i helsevesenet. Fleire konkrete eksempel vart trekte fram i debatten. Vestland fylkeskommune går inn i Polyfon i samarbeid med Helse Førde, Kinn kommune og USHT Vestland, Sogn og Fjordane. Til saman gjev dette ei vesentleg fagleg styrking av klyngesamarbeidet!


I midten av mars vart det kjend at Haukeland universitetssjukehus etablerer eit nytt barnepalliativt team, med musikkterapeut Merethe Wolf Lindvall ved Barne- og ungdomsklinikken som ein av teammedlemmane. Det vert samstundes oppretta eit regionalt fagnettverk for barnepalliasjon, med deltakarar frå alle helseføretaka i region vest. I nasjonal fagleg retningslinje for palliasjon til barn og unge, vert det med referanse til aktuell Cochrane-oversikt framheva at ein musikkterapeut kan m.a. gje viktige bidrag til avspenning og livskvalitet.

Andre kvartal

I andre kvartal vart nye nasjonale samarbeid etablerte, og Helse Fonna vart med som ny klyngedeltakar. Nye formidlingstiltak vart gjennomførte, og i dette kvartalet vart det også mange fine musikk- og menneskemøte, i fleire ulike festivalar!

April

I slutten av april vart det klart at både Nasjonal kompetansetjeneste for samtidig rusmisbruk og psykisk lidelse (NKROP) og Norsk forening for musikkterapi (NFMT) inngår strategisk samarbeid med Polyfon. Samarbeidsavtalane skal bidra til at tenesteaktørar og brukarar får auka kjennskap til musikkterapi og til at musikkterapitilbod vert tilgjengelege i alle delar av landet.



NKROPs leiar, Bjørn Stensrud, seier i ein kommentar: «For NKROP som nasjonal kompetansetjeneste er det viktig med en

bred faglig forankring og deltagelse i ulike faglige nettverk. Musikkterapi er et spennende fagfelt med høy evidens. Med dette samarbeidet skapes nye faglige relasjoner. Det er vi glade for».



NFMTs leder, Christine Wilhelmsen, framhevar: «Polyfon har vokst frem som en viktig aktør i arbeidet med å formidle kunnskap om musikkterapi og etablere nye musikkterapeutstillinger. Vi ser frem til å samarbeide mer og tettere for å nå vårt felles mål om at alle som ønsker tilbud om musikkterapi i Norge skal få det».

I slutten av april vart det også klart at Helse Fonna melder seg inn i kunnskapsklynga Polyfon. Helse Fonna dekkjer områda Sunnhordland, Nord-Rogaland og Indre Hardanger, og er eitt av dei fire helseføretaka i Helse Vest RHF. Frå før er både Helse Bergen og Helse Førde med i Polyfon.



I ein kommentar seier Kenneth Eikeset, klinikkdirektør for psykisk helsevern: «Helse Fonna har over tid arbeidd med å utvikle behandlingstilbodet for pasientar med psykoselidingar. Det å kunne tilby musikkterapi til denne pasientgruppa har stått høgt på ynskelista, og vi er no svært godt nøgde med at vi kan etablere eit slikt tilbod ved samtlege DPS. Etablering av musikkterapi som behandlingstilbod representerer eit viktig kvalitetsløft innan psykosebehandling i Helse Fonna. På sikt håper vi å kunne tilby musikkterapi for andre pasientgrupper og».

Klinikkdirektør Kenneth Eikeset, Helse Fonna. Foto: Eirik Dankel.

30. april vart det start for Gjenklang 2021, og festivalen gjekk eit par dagar inn i mai månad. I opningstalen la Bjarthe Johansen, leiar i Polyfons erfaringspanel, vekt på at det hadde vore mykje arbeid å få til festival i eit pandemiår, men at denne festivalen difor også var ekstra kjærkomen.



Pandemien vart ein del av estetikken under Gjenklang-festivalen 2021. Festivalen var vellukka, og nettopp pandemien bidrog til at Gjenklang var særleg kjærkomen for deltakarane dette året. Foto: Harald Lexander.

Mai

20. mai 2021 vedtok Bystyret i Bergen rullert versjon av temaplanen [Omsorg med kunnskap – Plan for helseinstitusjoner og boliger med heldøgnsbemanning i Bergen kommune 2016–2030](#). I den nye versjonen av denne planen er musikkterapi skriven inn som eitt av dei nye satsingsområda.

27. og 28. mai arrangerte Festspillene i Bergen (FIB) ein digital songtekstverkstad, gjennom den såkalla «Festspillbroen». Tre studentar på emnet Samfunnsmusikkterapi ved UiBs musikkterapeututdanning var ansvarlege for opplegget, i samarbeid med ein masterstudent i musikkterapi ved Norges musikkhøgskole.

Juni

10. juni disputerte stipendiat Stine Camilla Blichfeldt-Ærø ved Norges musikkhøgskole, på avhandlinga «Music therapy as an adjunct in cardiac device lead extraction procedures. A randomized controlled trial». NMH meldte seg inn i klynga først litt seinare dette året, men vi tar med omtale av denne disputasen, då Blichfeldt-Ærø si avhandling byggjer bru mellom musikkterapi og medisin på ein spennande måte. Musikkterapiprotokollen ho har utvikla har som mål om å gje pasientane støttande behandling gjennom den medisinske prosedyren, basert på biopsykososiale prinsipp. Blichfeldt-Ærø viser med denne avhandlinga korleis ei biopsykososial tilnærming kan brukast systematisk i klinisk praksis i medisinsk kontekst.



Den vakre muséhagen var både ramme og arena for delar av festivalen [Siste kapittel](#). Foto: Brynjulf Stige.

18.-19. juni vart den nye aldringsfestivalen [Siste kapittel](#) arrangert i Bergen for første gong. Kulturarbeidarar, helsearbeidarar, forskarar, politikarar og frivillige bidrog på kvar sin måte til å skape ein festival der store spørsmål kunne setjast under debatt, utan store fakter, men med stort engasjement. Festivalsjef var Anna Helle-Valle, som også er psykolog i Bergen kommune og fagansvarleg for eldrehele i Polyfon. I løpet av festivalen var fleire innslag relatert til musikkterapi, med m.a. Gary Ansdell, Tia DeNora, Jill Halstead, Wolfgang Schmid, Brynjulf Stige og Olav Cacheado Wøllo Egeberg.

23. juni var det tid for eit nytt formidlingstiltak, nemleg [Barnevernfrukost med musikkterapiforskar Viggo Krüger](#), arrangert av Bergen kommune – Etat for barn og familie, Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi og LawTransform.

Tredje kvartal

I løpet av desse tre månadene var det fleire fine formidlingsinitiativ, Bergen kommune gjorde vedtak om eit nytt prøveprosjekt og Høgskulen på Vestlandet tok initiativ til etablering av ei ny arbeidsgruppe i Polyfon:

Juli

Sommarmånaden juli er ein stille månad i norsk musikkterapi. Slikt gjev tid til å lese, t.d. i nettavisa [forskning.no](#), som 2. juli publiserte ein fin artikkel om [musikkterapi i medisinske kontekstar](#). Artikkelen byggjer på avhandlinga som Stine Camilla Blichfeldt-Ærø ved Norges musikkhøgskole disputerte på den 10. juni.

August



Spesialrådgjevar Rune Tjøsvold i Bergen kommune. Foto: Privat.

I slutten av august vart det klart at Bergen kommunes kommunaldirektørgruppe gjev klarsignal til eit nytt prøveprosjekt med fokus på utvikling av eit enkelt registreringssystem for musikkterapi, til bruk i alle byrådsavdelingar og etatar som har etablert musikkterapitilbod. Initiativtakar er Rune Tjøsvold, spesialrådgjevar i kommunens byrådsavdeling for arbeid, sosial og bolig. Han seier i ein kommentar: «Det er spennende og utfordrende å gå inn i en prosess med å finne frem til noe som kan være nyttig for

alle kommunale musikkterapeuter, selv om de arbeider på ulike måter, i veldig ulike sammenhenger og med brukere i forskjellige livsfaser som har veldig ulike behov. Jeg tenker at et felles datagrunnlag også kan nyttes til strategisk arbeid for å forsterke musikkterapitilbudet i kommunen. Om vi klarer å utvikle et registreringssystem som treffer ulike dokumentasjonsbehov på en enkel, effektiv og lite tidkrevende måte, så vil det helt sikkert medføre interesse fra andre kommuner og instanser også, og da vil dette lokale prøveprosjektet kanskje bli et beskjedent ledd i arbeidet med å utvide musikkterapi til kommuner og tjenester som enda ikke har dette tilbud til sine innbyggere».

September

Helse Fonna meldte seg inn i POLYFON i april, og i byrjinga av september kunne helseføretaket allereie rapportere at oppbygging av musikkterapi på alle klinikkar i psykisk helsevern var i gong. Ved BUP Haugesund er to musikkterapeutar no på plass, i kvar si halve stilling. Også ved DPSane er musikkterapistillingar under etablering. Kaja Linder Henriksen, nytilsett musikkterapeut ved BUP Haugesund, fortel: «Dette er veldig spennende og stas! Olaug Sandve og jeg er ansatt i hver vår faste 50 % stilling. Vi har ansvar for hver vår poliklinikk og samarbeider om pasientene som er innlagt på døgnavdeling. Nå i oppstartsfasen jobber vi med å nå ut med informasjon om musikkterapi til de ansatte, og å veilede personalet på døgnavdelingen i bruk av musikk som aktivitet. Vi er i gang med en søknad på Polyfon-midler for å kunne arrangere en fagdag om musikkterapi for alle ansatte, og tenker oss begge på årets Polyfon-konferanse 😊». Avdelingsleder og overlege Georg Reinhardt sier i en kommentar: «Jeg synes vi er en fin gjeng, og musikkterapi / terapeutene skaper tydelig engasjement og glede 😊»

8. september vart eit forslag om etablering av ei ny arbeidsgruppe i Polyfon lansert, med fokus på musikk og musikkterapi som tema i aktuelle profesjonsutdanningar innan skule, helse og sosial. Initiativtakar var Høgskulen på Vestlandet, og forslaget kan sjåast i samanheng med klyngas delmål 3a: «Emne og/eller kurs om musikkterapi er integrerte i andre aktuelle profesjonsutdanningar, som t.d. sjukepleie-, psykolog-, lege- og lærarutdanningane». Bak forslaget står Anne-Grethe Naustdal, prorektor for utdanning ved Høgskulen på Vestlandet (HVL). Ho seier i ein kommentar: «Klyngesamarbeid gjev utruleg mange gode moglegheiter for samhandling og fagutvikling på tvers, både internt og eksternt. Konkret gjev det her nye moglegheiter for å bli kjend med å ta i bruk musikkterapi i utdanning for studentar og tilsette. På inspirasjonsseminaret vi i HVL hadde våren 2021, kom det mange idear til kva vi kan samarbeide om. Vi ser fram til å vidareutvikle utdanningssamarbeidet i klynga».



Anne-Grethe Naustdal, prorektor for utdanning ved Høgskulen på Vestlandet står bak forslaget om å etablere ei ny tverrfagleg arbeidsgruppe i Polyfon, med fokus på utdanning. Foto: HVL.

I midten av september fekk Bergen kommune – Etat for barn og familie støtte av Polyfon til å lage film om musikkterapi, i samarbeid med Barne- og familiehjelpen (Etat for barn og familie), Senter for musikkterapi (Bergen kulturskule), Team for aktivitet (Kulturetaten) og Pedagogisk fagsenter (Etat for spesialpedagogiske tenester). Ansvarleg for informasjonsfilmen er avdelingsleiar Nina Bolstad.

I september publiserte Tidsskrift for psykisk helsearbeid [ein artikkel om dei musikkoppfølgingstilboda som er under oppbygging i Bergen, gjennom eit samarbeid mellom helseføretak og kommune](#). Artikkelen er skriven av Lars Tuastad, Griegakademiet. Tidsskriftet sin redaktør, Rita Sørly, beskriv artikkelen slik: «... en spennende vitenskapelig artikkel fra musikkterapimiljøet i Bergen... Artikkelen undersøker om musikkterapi kan være en recoveryorientert praksis i psykisk helsearbeid belyst gjennom fortellingen til Harald og et musikkoppfølgingstilbud han deltar i».

21. september opna ei utandørs, interaktiv fotoutstilling om musikkterapi, på Torgalmenningen i Bergen. Bak utstillinga står Kristine Madsø (ph.d.-stipendiat ved UiB og psykologspesialist ved NKS Olaviken Alderspsykiatriske sykehus), Inger Hilde Nordhus (professor ved Det psykologiske fakultet, UiB) og Ingvild Festervoll Melien (fotograf). Utstillinga er m.a. støtta av Polyfon, og fleire musikkterapeutar og aktørar i

klyngesamarbeidet har bidratt i utviklinga av konseptet. Utstillinga spring ut av Madsøs doktorgradsprosjekt om musikkterapi og demens, men har også ein generell del som forklarar kva musikkterapi er, gjev eksempel på aktuell musikkterapi praksis i Vestland fylke og ein oversikt over norske forskingsprosjekt på feltet. Denne viser m.a. at det er heile 9 forskingsprosjekt om musikkterapi og eldrehele på gong i Noreg i dag, i eit spenn frå nevrovitenskapleg grunnforskning til RCTar, kvalitative studiar, aksjonsforskning og kunstbasert forskning.

23. september arrangerte Alrek helseklynge seminaret «Alle har et ansvar», om seksuelle overgrep, i samarbeid med Idrettsklynge Vest, Kunnskapskommunen Helse Omsorg Vest og Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi. Ein av bidragsytarane var Anita Lid, medlem av Polyfons Erfaringspanel og representant for Kulturlaget Kom Nærmere. Saman med musikkterapeut Marte Anyan, musikkterapistudent Stefan Bjørvang Langeland og forskar Viggo Krüger song ho låtar frå albumet sitt «Tenk med hjertet». Seinare på dagen deltok Anita på rundebordet «Bridge over troubled water – overganger og grensearbeid i arbeid med barn og unge». Moderator var Nina Bolstad, avdelingsleiar i Etat for barn og familie i Bergen kommune og leiar av Polyfons arbeidsgruppe for barn og unges oppvekst.

Fjerde kvartal

Dette kvartalet vart Norges musikkhøgskole ein del av klyngesamarbeidet, ei ny kunnskapsbeskriving vart publisert, nye prosjekt fekk støtte frå Polyfon, fleire gode formidlingstiltak vart lanserte og kunnskapsklynga kunne tilsetje sin første erfaringskonsulent.

Oktober

I byrjinga av oktober vart det klart at Musikkhøgskolen vert med i Polyfon-samarbeidet. Dette er ei viktig hending i klyngas utvikling. Begge utdanningsinstitusjonane i musikkterapifaget i Noreg er då med i klyngesamarbeidet, og med det er grunnlaget for nasjonalt samarbeid og eit nasjonalt løft på musikkterapiområdet vesentleg styrkt. NMHs rektor, Astrid Kvalbein, seier at ho ser fram til at NMH skal bli med i klynga og bli med på å prege kva Polyfon skal vere: «Resonnementet bak å melde oss inn er i utgangspunktet enkelt: Vi er sterkare saman. Ikkje minst i møte med politiske og andre styremakter, som stadig treng å bli minna om verdien av musikk som helseressurs, i alle slags liv».



- Vi er sterkare saman, seier rektor Astrid Kvalbein i ein kommentar til Musikkhøgskolens innmelding i kunnskapsklynga Polyfon. Foto: NMH.

I midten av oktober kunne POLYFON publisere ei [kunnskapsbeskriving om digital musikkterapi](#). Arbeidet er finansiert av eitt av Polyfon sommarstipend for musikkterapistudentar, og bak kunnskapsbeskrivinga står den litauiske musikkterapistudenten Vita Glinskyte, som var utvekslingsstudent ved Griegakademiet i delar av 2021. Rettleiarar var UiB-forskarane Simon Gilbertson og Brynjulf Stige. Koronapandemien har vore med på å understreke at mogleghetene og utfordringane knytt til digital musikkterapi må takast på alvor.


I slutten av oktober vart det klart at Polyfon kunne gje såkornmidlar til åtte nye prosjekt, etter at den vitskapelege komiteen hadde avslutta sitt vurderingsarbeid. Det var rekord-mange søknader denne gongen. Desse fekk støtte: Beatrix van Doorn (Norges musikkhøgskole), Ruth Eckhoff (Norges musikkhøgskole), Kaja Elise Enge (Barne- og familiehjelpen i Bergen kommune), Gunn Karoline Fugle (Førde BUP i Helse Førde), Karette Stensæth (Norges musikkhøgskole, i samarbeid med Ingrid Dyrnes Svendsen og Sofie Mortvedt i JM Norway), Randi Sviland og kollegaer (fysioterapimiljøet ved Høgskulen på Vestlandet), Merete Lippert

Tobiassen (Norges musikkhøgskole i samarbeid med Haug skole og ressurscenter) og Lars Tuastad (Griegakademiet, i samarbeid med Marcus Trzebinski i Bærum kommune). Sjå kapittel 5 for detaljar.

25. oktober byrja jubileumsveka som markerte at UiB, Norges nest eldste universitet, var 75 år i 2021. Dei siste 15 åra har musikkterapi vore med på UiBs reise, og det er hyggeleg å registrere at ei fortelling om musikkterapi er ei av de 17 utvalde forteljingane i universitetet si eiga nettfremstilling av UiBs historie og utvikling. Det er ei fortelling som også peikar framover: «Musikk har et stort terapeutisk potensial. I fremtiden kan musikk bli en viktig brikke i alt fra eldreomsorg til spesialisert rusbehandling».

November

9. november vart Polyfon-konferansen 2021 arrangert, med temaet «Veier til ny praksis – Musikkterapi og implementering». Konferansen vart opna av UiBs viserektor Gottfried Greve, og Marthe Valle var konferansier. Det var eit særst variert program, med plenumsforedrag, rundebordskonferansar, parallellsesjonar, filmminslag, visesong, opera, fotoutstilling og posterutstilling! Polyfon har etablert ein posterkonkurranse under Polyfon-konferansen, for å stimulere interesse for kreativ formidling av musikkterapeutisk kunnskap og erfaring. Den verdige vinnaren av konkurransen i 2021 vart musikkterapeut Merethe Vadstein Welle ved Enhet for psykisk helse og rus i Tromsø kommune. Juryen framheva den enkle men effektive og kreative bruken av visuelle virkemidlar, kombinert med eit godt formidla fagstoff frå eit viktig prosjekt. I tillegg delte juryen ut ein ekstra ærespris, som gjekk til den interaktive utstillinga «Fremdeles her – musikkterapi for mennesker som lever med demens». Følgjande prosjektgruppe står bak utstillinga: prosjektleiari Inger Hilde Nordhus, prosjektkoordinator Kristine Gustavsen Madsø, fotograf Ingvild Festervoll Melien, musikkterapeut Stine Andrea Sognnes, musikkterapeut Johan Klætte og kliniksjeff Minna Hynninen. Utstillinga er realisert gjennom eit svært godt samarbeid mellom ulike fag, institusjonar og profesjonar. Eit redigert opptak av plenumsdelen av [POLYFON-konferansen 2021 ligg fritt tilgjengeleg på YouTube](#).



Musikkterapeut Merethe Vadstein Welle i Tromsø kommune vann posterkonkurransen under Polyfon-konferansen 2021. Foto: Brynjulf Stige.

18. november arrangerte Norges musikkhøgskole ei pandemiutsett [lansering av boka «Å finne tonen – om musikk og demens»](#), av [førsteamanuensis Tone S. Kvamme](#) (NMH). Boka er gitt ut av Nasjonalt senter for aldring og helse, og under lanseringa fortalde Kvamme at ei viktig målsetjing med å skrive boka har vore å inspirere fleire til å bruke musikk. Nettsideoppslaget om boklanseringa inneheld også ei lenke til eit videoopptak av ein fin samtale mellom forfattaren og førsteamanuensis Kjersti Johansson.

Desember

1. desember byrja Kristianne Storhaug Ervik i Polyfons deltidsstilling for erfaringskonsulent. Ho vil arbeide med å setje brukar- og pårørandeperspektivet i fokus i klyngesamarbeidet, noko som m.a. vil omfatte leiing av Polyfons erfaringspanel og representasjon i Polyfons styringsgruppe. Ervik vil også m.a. arbeide med å etablere tettare kontakt og samarbeid med aktuelle brukar- og pårørandeorganisasjonar.



Kristianne Storhaug Ervik er 26 år og har tidlegare m.a. studert samanliknande politikk. Ho har stor interesse for musikk og eit stort engasjement for psykisk helse, for rettferd i helse- og omsorgstenestene og for verdien av brukarmedverknad. Foto: Frode Aass Kristiansen.

5. desember kunne vi leggje ut ein [rapport om POLYFONs prosjektperiodar](#) (2015-2020), om interimperioden (2021) og om den faghistoria kunnskapsklynga veks ut av. Aktuelle framtidsutsikter i det norske samfunnet dei neste tiåra vert også diskuterte.

8. desember fekk BUP Haugesund støtte frå Polyfon til utvikling av ein brosjyre og eit fagseminar om musikkterapi. Dette er tiltak som skal vere med og sikre kvaliteten i implementeringa av musikkterapi ved klinikken.

10. desember vart det kjend at Aldringshuben i Bergen kommune får midlar frå Alrek helseklynge til ein møteserie med føredrag og kulturinnslag om eit aldersvenleg samfunn: «Folkefest for framtida». Anna Helle-Valle er prosjektleiari og kunnskapsklynga er ein av samarbeidspartane i prosjektet.

I slutten av desember kunne Bergen kommune lansere [ein video om det nye lågterskeltilbodet i musikkterapi ved MO Eidsvåg](#). Filmen er på mange måtar eit framhald av ein film senteret lagde nøyaktig 1 år tidlegare. Den første filmen dokumenterte arbeidet erfaringskonsulentane Ingrid B. Olsen og Morten Sommerbakk har gjort for å få på plass eit musikkrom og eit musikktilbod på senteret. Dei formidla den gongen at dei drøymde om at det skulle kome ei musikkterapeutstilling til senteret. Leiaren ved MO Eidsvåg, Ingerid Synnøve Bulterud Strand, støtta ein slik tanke, og hausten 2021 vart stillinga altså ein realitet. Hausten 2021 kom det også ei fast musikkterapeutstilling ved MO Wergeland, og dessutan ei prosjektstilling ved Gnisten aktivitetssenter i Fana. Bergen kommune sin Etat for psykisk helse og rustjenester – som lenge har hatt ønske om å bygge opp kommunale tilbod i musikkterapi – gjekk altså frå 0 til 3 musikkterapeutar i løpet av 2021.



Musikkterapeut Daniel Garcés og erfaringskonsulentane Ingrid B. Olsen og Morten Sommerbakk fortel om det nye lågterskeltilbodet i Bergen kommune. Bilde: Skjermdump frå MO-Eidsvåg sin informasjonfilm.

4 Tenesteutvikling (delmål 1)

Hovudmål og delmål for samarbeidet i Polyfon er skisserte i kapittel 1. Delmål 1, om tenesteutvikling, er: *Musikkterapi er integrert i tenestene på ein systematisk, kunnskapsbasert og brukarorientert måte.* I det følgjande skisserer vi arbeid og resultat knytt til dette delmålet i 2021, under overskriftene *klyngeaktivitet, indikatordata og vurderingar.*

Klyngeaktivitet

Utvikling av nye musikkterapeutstillingar

Fleire av deltakarane i klynnga har lyst ut ei eller fleire musikkterapeutstillingar i 2021. Hå to av klyngedeltakarane, Bergen kommune og Helse Fonna, vart 2021 eit merkeår på dette området.

Etat for psykisk helse- og rustenester i Bergen kommune har i fleire år vore i dialog med Polyfon om korleis best utvikle kommunale musikkterapitenester, m.a. fordi retningslinjene innan psykose- og rusbehandling tilrår musikkterapi og fordi det har oppstått ein etterspørsel etter kommunale tenester etter at musikkterapi har vorte implementert i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling i regionen. Situasjonen har likevel lenge vore den at ingen av einingsleiarane innan denne sektoren i kommunen har greidd å prioritere musikkterapeutstillingar på stillingsbudsjetta sine. Då Polyfon-konferansen i 2020 vart planlagt, valde difor kunnskapsklynnga – i dialog med etaten – å hente inn fagpersonar frå Sandnes kommune, for å hente inspirasjon og lærdom frå denne kommunens mangeårige erfaring med å implementere musikkterapi innan kommunale rustenester. No vart 2020-konferansen utsett eit år grunna pandemien, så det var først i november 2021 at fagpersonane frå Sandnes kunne dele erfaringane sine.



Bildet er tatt under Polyfon-konferansen 2021 og viser frå venstre musikkterapeutane Tarjei Øvrelid og Elin Kirkhus Thieu, rus- og psykisk helsesjef i Sandnes kommune, Trude Lønning, og Torhild Kielland frå Fagrådet – Rusfeltets Hovedorganisasjon. Foto: Daniel Løset Kristiansen.

I ein sesjon som var moderert av Torhild Kielland frå Fagrådet – Rusfeltets hovedorganisasjon, presenterte gjestane frå Sandnes ei imponerende satsing på heilskaplege og recovery-orienterte tenester. Samstundes var det interessant å registrere at Bergen kommune stilte på denne konferansen med representantar frå einingar innan psykisk helse og rus som i løpet av 2021 endeleg hadde fått på plass dei første musikkterapeutstillingane. Både MO Eidsvåg og MO Wergeland hadde fått heile, faste musikkterapeutstillingar på plass hausten 2021, medan Gnisten aktivitetssenter innan psykisk helse hadde fått på plass ei prosjektstilling (sjå siste del av kapittel 3).

Helse Fonna stod kanskje for eit endå kraftigare løft i 2021, sjå omtale av andre og tredje kvartal i kapittel 3. Helseføretaket meldte seg inn i Polyfon i april 2021, med intensjon om å implementere musikkterapi

systematisk, som ein integrert del av helseføretaket sine tilbod innan psykisk helsevern. Allereie i byrjinga av september kunne helseføretaket rapportere at implementeringa var godt i gong ved dei ulike distrikts-psykiatriske senter (DPSar) i helseføretaket sitt opptaksområde, og også ved barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP) i Haugesund.

Polyfon, ved sekretariatet og ved arbeidsgruppa for psykisk helse, var på ulike vise involvert med rådgjeving og støtte til desse to klyngedeltakarane sitt arbeid med utvikling og implementering.

Utviklingsarbeid og kvalitetssikring

Eit eksempel innan dette området er Bjørgvin DPS og Bergen kommune sitt utviklingsarbeid knytt til MOT82, med vekt på lågterskeltilbod og oppfølgingstilbod for personar med utfordringar innan psykisk helse. I 2021 kunne MOT82 utvide med nye tilbod for dei unge, med meir vekt på helsefremmande og førebyggjande arbeid, utviding av musikkterapeutressursen, og også tre nye deltidsstillingar for erfaringskonsulentar. Utvidinga kom etter ei raus gåve frå ein Bergens-familie.

MOT82 har også over fleire år brukt Polyfons ordningar aktivt i evaluering av eige utviklingsarbeid. I 2021 publiserte Bergen kommune ein ny POLYFON-støtta evalueringsrapport: [Bruker spør bruker: Evaluering av prosjektet 'Fra MOT82 til MOT2020'](#). Rapporten fokuserer på brukarane si oppleving av overgangen mellom DPS og musikkoppfølgingstilbodet i kommunen.

Eit anna eksempel på godt utviklingsarbeidet innan musikkterapifeltet i Kinn kommune, ein kommune som i 2020 fekk regjeringas «Leve heile livet»-pris for nyskapande og heilskaplege tilbod innan eldreomsorga. Musikkterapi inngår som ein viktig del av kommunens satsing på dette.

Etablering av eit nytt barnepalliativt team, med musikkterapeut Merethe Wolf Lindvall ved Barne- og ungdomsklinikken som ein av teammedlemmane, er eit eksempel på utviklings- og kvalitetssikringsarbeid ved Haukeland universitetssjukehus.

I og med at klyngas nedslagsfelt er utvida og Norges musikkhøgskole (NMH) vart med i klynga hausten 2022, vil det i aukande grad vere viktig for klynga å fokusere på tenesteutvikling og kvalitetssikring i ulike delar av landet. Fagmiljøet ved NMH samarbeider tett med ulike tenesteytande organisasjonar, særleg på Austlandet, og det er ofte element av utviklingsarbeid og kvalitetssikring i forskingsprosjekt med design inspirert av aksjonsforskning. Vi kan nemne som døme samarbeid med JM Norway om utvikling av tverrfaglege musikkprosjekt for ungdom med flyktningbakgrunn og med Haug skole og ressurscenter om utvikling av tverrfaglege digitale musiske temaopplegg for barn og unge som brukar alternativ og supplerande kommunikasjon. Dette er prosjekt som fekk Polyfon-støtte hausten 2021, sjå også kapittel 5.

Brukarmedverknad

Brukarmedverknad i utvikling av tenestetilbod er eit viktig prinsipp i Polyfon-samarbeidet. I delar av 2021 var arbeidet i Erfaringspanelet under noko press, grunna pandemien, men viktig arbeid vart gjort m.a. knytt til utvikling av Gjenklang-festivalen, til planlegging og gjennomføring av Polyfon-konferansen, og også Alrek helseklynge sitt seminar «Alle har et ansvar» om seksuelle overgrep (sjå kapittel 3).

Etter avslutning av klyngas interimperiode, og tilsetjing av ein erfaringskonsulent i 20 % stilling frå og med 1. desember 2021, vart erfaringane med å drive og utvikle Erfaringspanelet summert opp, sjå vedlegg 4.



Bjarte Johansen (t.v.) har vore leiar for Erfaringspanelet i Polyfon i klyngas prosjekt- og interimperiode. Bildet er frå Polyfon-konferansen 2021, der vi til høgre ser Bjarte Stien, kjend frå bandet Gatens Evangelium. Foto: Viggo Krüger.

Plan- og strategiarbeid

Dersom kunnskapsklynga Polyfon skal nå målet sitt om å gjere musikkterapi tilgjengeleg for brukarar som ønskjer og treng det, må musikkterapi skrivast inn på ein systematisk måte i aktuelle planar i kommunar og helseføretak. Polyfons arbeidsgrupper gjev rom for å dele informasjon om og erfaringar med denne type arbeid, og vi registrerer i 2021 at musikkterapi er skrive inn i fleire planar og strategiar enn tidlegare, sjå aktuelt punkt under Indikatordata nedanfor.

Indikatordata


Opplysningar frå Norsk pasientregister (NPR)

Som tidlegare år, har Polyfon for 2021 søkt Norsk pasientregister (NPR) om opplysningar om spesialisthelsetenesta sin bruk av prosedyrekodar for musikkterapi. Prosedyrekoden «IBBE00» finst i NPR-data frå og med 2016. Frå og med 2019 gjeld prosedyrekode «IBBE10» og frå og med 2020 også prosedyrekode «IBBE20». Helseføretaka er pålagde å bruke desse kodane for døgnbehandling og poliklinisk behandling, og dei er definerte slik:

- «IBBE10: Musikkterapi, individuell. Utføres av musikkterapeut med godkjent femårig høyere utdanning i musikkterapi.»
- «IBBE20: Musikkterapi, gruppebehandling. Utføres av musikkterapeut med godkjent femårig høyere utdanning i musikkterapi.»

NPR har levert ut statistikk for tal episodar (omfanget av polikliniske og innlagte opphald kor prosedyrekodane vert brukt), tal prosedyrar (omfanget av prosedyrekodebruk, der dette altså kan skje fleire gonger i løpet av *ein* episode), og tal pasientar (per sektor) som er registrerte med kode for musikkterapi. *Ein* pasient kan då ha fleire episodar. Tala for episodar og prosedyrar er såpass usikre at vi her vel å fokusere på tal pasientar, der vi slår saman tala for restbruken av IBBE00 og for bruken av IBBE10 og IBBE20.

Bruk av kodane dukkar opp i data frå sektorane i) somatikk, ii) tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) og iii) psykisk helsevern for vaksne, slik bruk dukkar førebels ikkje opp i data frå avtalespesialistar, i psykisk helsevern for barn og unge eller i rehabiliteringsinstitusjonar. Figur 4.1 viser bruken for perioden 2016-2021, fordelt mellom dei fire helseregionane i landet.



Figur 4.1: Tal pasientar i spesialisthelsetenesta som i perioden 2016-2021 er registrerte med kode for musikkterapi i sektorane somatikk, tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) og psykisk helsevern for vaksne. Kjelde: Norsk pasientregister, som skriv frå seg ansvar for bruk og fortolking av data.

I alle fire helseregionane er tala framleis relativt låge. Både i Helse Sør-Øst og i Helse Vest har det vore ein klar vekst sidan 2016, sjølv om veksten har flata av for Helse Vest og gått litt tilbake for Helse Sør-Øst i 2021. Om det skuldast pandemien eller andre forhold, er ikkje kjend. I Helse Midt og Helse Nord er prosedyrekodane brukte svært lite, sjølv om det har vore ein liten vekst i Helse Midt.

Det er verdt å merke seg at folketalsgrunnlaget i dei ulike regionane er svært ulikt, der det bur ca. 3 millionar menneske i opptaksområdet til Helse Sør-Øst, medan dei tilsvarende tala for Helse Vest, Helse Midt og Helse Nord er høvesvis ca. 1 million, ca. 0,7 million og ca. 0,5 million. Om tilboda skulle vere like, relativt sett, skulle søyla for Helseregion Sør-Øst altså vere tre gongar så høg som søyla for Helseregion Vest.

Dei aktuelle prosedyrekodane har berre vore i bruk nokre få år, og det kan framleis variere noko kor systematisk dei vert brukte i ulike helseføretak og avdelingar. Vi har ikkje grunnar til å tru at det er systematiske skilnader mellom helseregionane når det gjeld slike feilkjelder, bortsett frå at ein kan tenkje seg at feilkjeldene vert fleire i regionar der tala er små, då musikkterapi nødvendigvis er mindre integrert i tenestene i desse regionane.

Tal musikkterapeutstillingar (årsverk i tenestene)

I klyngas prosjektperiode var klyngesamansetjinga relativt stabil og konsentrert om Bergensområdet. I den perioden var det meningsfullt å sjå på veksten i tal musikkterapeutstillingar i tenestene. Årsmeldinga for 2019, s. 23-27, kan eksemplifisere at dette gav nyttig og meningsfull informasjon.

I dagens situasjon, der det har vore ein god del endringar i samansetjing av klynga og der vi har ambisjonar om å ønskje deltakarar frå ulike delar av landet velkomne over tid, skapar denne type data for heile klynga mindre mening. Når det samstundes er ein del feilkjelder og usikre data, vel vi her å *ikkje* presentere data for tal musikkterapeutstillingar hjå klyngedeltakarane i 2021.

Styringsgruppa vert invitert til å vurdere om denne indikatoren skal gå ut framtidige år, eller om ein t.d. skal samle inn data frå utvalde klyngedeltakarar som sannsynlegvis vil vere stabile som deltakarar i klyngesamarbeidet framover.

Akkumulert tal strategi-/handlingsplanar hjå deltakarane der musikkterapi er inkludert

I lista nedanfor, er nyoppføringar for 2021 markerte med **blå skrift**, oppføringar for 2020 med **grøn** og for 2019 eller tidlegare med svart. Rapportering med uklar eller forskottert datering er markert med **raud** skrift. Årstala referer til det året planar vart vedtatt, ikkje nødvendigvis det året vedtaket vart rapportert i innsamling av indikatordata. Følgjande planar der musikkterapi er inkludert er då rapporterte inn per 2021:

Bergen kommune

- Omsorg med kunnskap – Plan for helseinstitusjoner og boliger med heldøgnsbemanning i Bergen kommune 2016–2030. Rullering i 2021. Etat for sykehjem
- Demensplan 2020
- Rapport om implementering av musikkterapi i Barne- og familiehjelpen, 2020
- Politisk plattform 2019 – 2023 for byrådet i Bergen utgått av AP, MDG, Venstre og KrF
- Handlingsplan for arbeid og aktivitet for rusavhengige 2019 – 2022. Etat for sosiale tjenester

Betanien DPS

- 2021 Handlingsplan om å komme i gang med «lyttegrupper» for inneliggende pasienter drevet av miljøpersonale, veiledet av musikkterapeut
- 2020 Samarbeid mellom Betanien DPS og Nok. Bergen (vedr brukere/pasienter av musikkterapi)

Helse Bergen

- Øyane DPS: Musikkterapi er inkludert i FACT teamet. Arbeidet med FACT-team starta opp i 2020
- AFR: Strategi for utvikling og organisering av musikkterapi i AFR. Dette er et mandat gitt til musikkterapeutane i 2020 og er ennå i prosess.
- Strategi for helsefremmende tiltak 2017
- Strategi for medisinfrie tilbud 2016 -2019

Helse Fonna

- BUP Haugesund
 - Utviklingsplan BUP Haugesund
 - Fremdriftsplan implementering av musikkterapitilbud ved BUP Haugesund
- Folgefonn DPS
 - Utviklingsplan Folgefonn DPS 2021 - 2023
- Haugalandet DPS
 - Har meldt om 1 plan i skjema for 2021, men ikkje kva han heiter
- Stord DPS
 - Allmennpoliklinikk (inkl. FACT) ved SDPS
 - Del av overordna plan i Helse Fonna

Helse Førde – BUP

- Kompetanseplan for seksjonen
- Forskningsplan for musikkterapi i arbeid med utviklingstraumatiserte barn

NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus:

- Strategi- og handlingsplaner 2021-2024
- Strategi- og handlingsplan 2017-2020

Vestland fylkeskommune (inkluderer tidl. Sogn og Fjordane fylkeskommune)

- Vestland fylkeskommune, Handlingsplan 2021 Avdeling kultur, idrett og inkludering)
- 2019: Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027

Kommentar: Sju av ti klyngedeltakarar har rapportert på dette punktet. Her er det elles fleire utfordringar knytt til kvantitativ samanlikning med tidlegare år, t.d. av di deltakarsamansetjinga i klynga er i endring, av di datering kan vere uklar og av di det kan vere uklart kva som er nye planar og kva som er oppdatering av eksisterande planar. Vi vel difor å ikkje setje opp akkumulerte tal for samanlikning av 2019, 2020 og 2021,

men vi lister opp dei planane som er rapporterte, då det gjev oversyn og innsyn når det gjeld breidda i og typen av planar der musikkterapi er skrive inn dei siste åra. Sjølv om vi ikkje finn grunnlag for å lage eksakte kvantifiseringar, er det klart at fleire planar er rapportert for 2021 enn for t.d. 2019 og 2020, også om vi trekk i frå nye planar som «berre» er oppdateringar av gamle planar. Det er altså endringar på gong i retning integrasjon av musikkterapi på dette området.

Vurderingar

I den innleiande beskrivinga av klyngeaktivitet, framheva vi dei nye stillingane som er komne innan psykisk helse- og rustenester i Bergen kommune og innan psykisk helsevern i Helse Fonna. Sjølv om vi i indikatordelen ikkje fann grunnlag for å gje ei eksakt kvantifisering av utviklinga når det gjeld nye musikkterapeutstillingar i tenestene, er det tydeleg at det er utvikling på området.

Når det gjeld tal for kor mange pasientar i spesialisthelsetenesta som får musikkterapi (statistikk for tal personar som får musikkterapi i kommunale tenester finst ikkje), viser statistikken presentert i figur 4.1 same tendens som dei 5 siste åra, nemleg at utviklinga går raskare i Helseregion Vest enn i nokon annan region. Tar vi høgde for skilnadane i folketal i dei ulike regionane, vert denne tendensen endå tydelegare. Tala frå Norsk pasientregister tyder difor på at det systematiske samarbeidet i Polyfon bidreg til at steg vert tatt i retning av realisering av klyngas hovudmål: fleire av dei som ønskjer og treng det får tilgang til musikkterapi. Dersom det stemmer at vi her ser ein klyngeeffekt, er det sannsynleg at utviklinga vil halde fram i eit høgare tempo i Helseregion Vest enn i andre regionar, fram til fleire kommunar og helseføretak i andre regionar melder seg inn i klynga. Det vil vere eit mål å få til det siste.

Ut i frå dei indikatordata som her er presenterte, kan ein hypotese vere at det er tre faktorar som stimulerer implementering av musikkterapi i tenestene, nemleg:

- a) evidens, føringar og preferansar, i form av forskingsgrunnlag, nasjonale retningslinjer og lokal etterspurnad (denne faktoren er til stades i alle fire helseregionar, sjølv om lokal etterspurnad kan variere)
- b) samspel mellom akademia og tenester, slik dette oppstår rundt musikkterapiutdanningane og forskingssentera knytt til desse (denne faktoren er til stades i Helseregionane Sør-Øst og Vest).
- c) styrking av samspelet mellom akademia og tenester, gjennom eit klyngesamarbeid (denne faktoren er førebels berre til stades i Helseregion Vest).

Faktor a) kan då seiast å vere nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg for å få til implementering av noko omfang. Dette er situasjonen i dag i Helseregionane Midt og Nord, og i og for seg også i somme land internasjonalt. Eit spørsmål for framtidig Polyfon-strategi er då korleis ein kan lukkast med implementering i nasjonal skala. Spørsmålet er viktig, både med tanke på likeverdig og rettferdig fordeling av tenester og med tanke på fagleg utvikling av musikkterapi som eit forskingsbasert fag. Så lenge implementering er flekkvis og på eit lågt nivå, er det krevjande å byggje opp solid forskning.

Her må vi leggje til at også dei helseføretaka som er komne lengst i implementeringsarbeidet har eit lite utbygd tilbod sett i forhold til etterspurnad. Då Haukeland universitetssjukehus evaluerte prosjektet «Medikamentfrie behandlingsforløp for personer med psykoselidelser», vart dette temaet belyst slik:

Musikkterapi har vært et satsningsområde på flere DPS, med god hjelp fra kunnskapsklyngen Polyfon, og kompetansen på GAMUT v/ UiB. ... Musikkterapi er samtidig tiltaket med høyest etterspørsel i forhold til kapasitet, og hvor det har vært størst usikkerhet rundt ønsket kapasitet og prioritering av pasientgrupper (Øvernes, 2019, s. 33).

Arbeidet med å auke kvantiteten i musikkterapitilbod bør difor halde fram. Den aukande integrasjonen av musikkterapi i ulike planar og strategiar, som illustrert over, kan vere med på å danne grunnlag for det. Samstundes må ikkje arbeidet med kvantitet gå utover kvalitet. Det understrekar behovet for at kunnskapsklynga POLYFON dei komande åra også må leggje stor vekt på å stimulere systematisk arbeid med utviklingsarbeid, kvalitetssikring og brukarmedverknad.

5 Forsking (delmål 2)

Hovudmål og delmål for samarbeidet i Polyfon er skisserte i kapittel 1. Delmål 2, om forskning: *Forskinga er praksisnær og behovsidentifisert og held internasjonal standard.* I det følgjande skisserer vi arbeid og resultat knytt til dette delmålet i 2021, under overskriftene *klyngeaktivitet, indikatordata og vurderingar.*

Klyngeaktivitet

Polyfons arbeid med forskning er dels heilt konkret: Klynnga lyser ut forskingsmidlar som alle deltakarane kan søkje på, og også sommarstipend for musikkterapistudentar. Vidare arrangerer klynnga ulike forskingsrelaterte webinar og gjev rådgeving om prosjektutforming m.m. til klyngedeltakarane. I tillegg til dette konkrete arbeidet, prøver klynnga på meir overordna vis å bidra til utvikling av robuste utviklingsøkonomiar for musikkterapiforskinga. Vi tar det siste først:

Polyfons bidrag til utvikling av robuste utviklingsøkonomiar for musikkterapiforskinga

Dei to norske forskingssentera for musikkterapiforsking, CREMAH ved Norges musikkhøgskole og GAMUT ved UiB/NORCE, ligg begge langt framme i den internasjonale forskingsfronten i faget. Polyfons bidrag til den utviklingsøkonomien som kan fremme vidare utvikling, kan summerast opp i tre punkt:

- Auka brukarmedverknad i forskning
- Styrkt samhandling mellom academia og tenester
- Betre tverrfaglege forskingsrelasjonar

Verdien av å styrke brukarmedverknad i forskning er skrive inn i retningslinjene for søknader til dei prosjektmidlane Polyfon lyser ut. Arbeidet med å styrke brukarmedverknad i forskning fekk elles eit løft mot slutten av 2021, då erfaringskonsulent Kristianne Storhaug Ervik vart tilsett i ei deltidsstilling. Døme på prosjekt som fekk støtte i 2021: Prosjektet «Frå stigmatisering til involvering?», med psykisk helsetenester som kontekst, er utvikla av Lars Tuastad ved Griegakademiet, i samarbeid med erfaringskonsulentane Bjarte Johansen og Morten Sommerbakk.

Målet om styrkt samhandling mellom academia og tenester vert i Polyfon-samanheng arbeidd med på fleire ulike måtar. Klyngeleiar har i 2021 engasjert seg direkte i arbeidet med fleire forskingsprosjekt i tenestene, m.a. ved Førde BUP, RVTS Vest og Divisjon psykisk helsevern i Helse Bergen. Tilsvarande har vi sett at andre forskarar ved CREMAH og GAMUT brukar Polyfon-prosjekt som ein reiskap til å byggje relasjonar til tenestene. Ei side av dette er å stimulere realisering av praksisnære ph.d.-prosjekt, ut i frå behov som er identifiserte i tenestene. To ph.d.-prosjekt ved NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus illustrerer dette godt, nemleg psykolog Kristine Gustavsens Madsø sitt prosjekt om musikkterapi for heimebuande pasientar med demens og musikkterapeut Sunniva Ulstein Kayser sitt prosjekt om musikkterapi og svelgjevanskar i tidleg fase av Huntingtons sjukdom. Madsøs prosjekt vart avslutta i 2021, medan Kaysers prosjekt vart klargjort for oppstart. Begge prosjekt har brukt Polyfons forskingsmidlar som reiskapar i arbeidsprosessen.

Betring av tverrfaglege forskingsrelasjonar er sentralt for vidare utvikling av musikkterapifeltet. Ei heilskapleg forståing av korleis musikken verkar på oss og korleis folk handlar og samhandlar gjennom musikalsk aktivitet føreset m.a. perspektiv på kropp, person, kultur og samfunn, kombinert med perspektiv på korleis musikkens eigenverdi er relatert til bruksverdien. Polyfon arbeider aktivt med denne tematikken, der vi i 2021 m.a. har gitt støtte til eit prosjekt om fysioterapi, musikk og poesi ved Høgskulen på Vestlandet og til eit prosjekt om musikk, rytme og Parkinsons sjukdom ved Det psykologiske fakultet (UiB). I begge prosjekt vil ulike kunnskapsformer inngå i eit polyfont samspel.

Nye forskingsprosjekt som fekk såkornmidlar frå Polyfon

Følgjande ti forskingsprosjekt fekk såkornmidlar frå Polyfon i 2021:

- Beatrix van Doorn ved Norges musikkhøgskole fekk kr. 50 250,- i støtte til prosjektet «Sangkollektivet – et digitalt, musikalsk fellesskap for å styrke sosial tilknytning og livskvalitet hos eldre».
- Ruth Eckhoff ved Norges musikkhøgskole fekk kr. 25 000,- i støtte til prosjektet «Trygg i eget uttrykk, stemme og kjønnsinkongruens».

- Kaja Elise Enge ved Barne- og familiehjelpen i Bergen kommune fekk kr. 25 000,- i støtte til fullføring av prosjektet «Musikkterapi i skulekontekst med barn med fluktbakgrunn».
- Gunn Karoline Fugle ved Førde BUP fekk kr. 50 000,- i støtte til prosjektet «Barn sine erfaringar med musikkterapi som del av heilheitleg behandling for barn med traumerelaterte vanskar».
- Geir Olve Skeie (Griegakademiet/Helse Bergen), Kjetil Vikene (UiB) og kollegaar fekk kr. 100 000,- i støtte til ein studie av ein trommeintervensjon ved Parkinsons sjukdom. Studien inngår i Kjetil Vikene sitt postdoktorprosjekt om rytme og Parkinsons sjukdom.
- Karette Stensæth ved Norges musikkhøgskole, i samarbeid med Ingrid Dyrnes Svendsen og Sofie Mortvedt i JM Norway, fekk kr. 30 000,- i støtte til prosjektet «Musikkverksted for unge asylsøkere (MUA). Et pilotprosjekt».
- Randi Sviland og kollegaer knytt til fysioterapimiljøet ved Høgskulen på Vestlandet fekk kr. 50 000,- i støtte til prosjektet «Musikk og poesi i utvikling av klinisk skjønn».
- Merete Lippert Tobiassen og samarbeidspartnere, ved Norges musikkhøgskole og Haug skole og ressurscenter, har fått kr. 70 000,- i støtte til prosjektet «DIGI-MUSIKK-A(L)SK: Tverrfaglige digitale musiske tema-opplegg for barn og unge som bruker alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK)».
- Lars Tuastad ved Griegakademiet (UiB) fekk kr. 70 000 i støtte til prosjektet «Frå stigmatisering til involvering?», der han m.a. arbeider saman med erfaringskonsulentane Bjarte Johansen og Morten Sommerbakk.
- Lars Tuastad ved Griegakademiet (UiB), i samarbeid med Marcus Trzebinski i Bærum kommune, fekk kr. 25 000,- i støtte til prosjektet «Mobilt studio – Oppsøkende musikkterapi for personer med psykiske helseutfordringer».

Polyfon sommarstipend for musikkterapistudentar

Kunnskapsklynga kunne i februar 2021 dele ut fem nye sommarstipend for musikkterapistudentar:

- Vita Glinskytø (UiB) til prosjektet «Kunnskapsbeskrivelse om musikkterapi og digitalisering»
- Denise Straume Hansen Mclvor og Irmelin H. H. Nielsen (UiB) til prosjektet «En litteraturgjennomgang knyttet til forskningsprosjektet 'Fra stigmatisering til involvering?」
- Johannes Melhus Medlien og Stefan Bjørnvag Langeland (UiB) til deltaking som forskingsassistentar i Ole Kristian Einarsens ph.d.-prosjekt «Music, Health and Policy»
- Mathias Nilssen (UiB) til prosjektet «Kartlegging av tidlige og nåværende behandlingstilbud for autisme i Norge».
- Eirik Sæle og David Solberg (UiB) til prosjektet «Forskning og publikasjon av fagartikkel vedrørende implementering av musikk og musikkterapeutiske tilnærmingar i skolen».



Hans Petter Solli frå Norges musikkhøgskole var ein av forskarane som hadde presentasjon under Polyfon-konferansen 2021. Foto: Viggo Krüger.

Indikatordata

Indikatordata her omfattar publikasjonar, søknadssummar og tildelingar. Dette peikar mest mot auke i forskingsaktivitet og synleggjer ikkje direkte effekten av arbeidet med å styrke t.d. brukarmedverknad, praksisrelevans og tverrfaglege kvalitetar. Indirekte vil omfanget av søknadsaktiviteten til Polyfons utlysingar likevel gjere det, i og med at brukarmedverknad, praksisrelevans og tverrfagleg samarbeid tydeleg er bakt inn i retningslinjene for vurdering. Heilskaplege vurderingar må uansett kome i tillegg til dei tala vi her presenterer:

Tal NVI-registrerte publikasjonar i følge Cristin

NVI-registrerte publikasjonar dei siste tre åra fordeler seg slik:

	2019	2020	2021
Publikasjonar nivå 1	15	14	28
Publikasjonar nivå 2	3	4	5

Tala for 2021 er ikkje direkte samanliknbare med tala for tidlegare år, gitt at Norges musikkhøgskole med forskingssenteret CREMAH meldte seg inn i 2021. Om ein trekk i frå publikasjonane frå NMH, er det likevel vekst i publikasjonar på nivå 1 i 2021 samanlikna med 2019. Vedlegg 2 gjev oversikt over publikasjonane.

Søknadsaktivitet knytt til Polyfons utlysingar

Følgjande søknadsaktivitet og tildelingar er registrerte sidan 2015 når det gjeld Polyfons såkornmidlar til forskingsprosjekt:

Såkornmidlar/år	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Søknadssum	450 900	228 200	513 300	375 000	270 000	515 000	770 250
Innvilga sum	250 900	228 200	280 000	375 000	210 000	515 000	495 250
Tal søknader	7	2	7	4	4	8	14
Tal innvilga søknader	6	2	5	4	3	8	10

Tabell 5.1: Søknadsaktivitet og tildelingar til Polyfons prosjektmidlar (såkornmidlar) 2015-2021.

Alle søknader er vurderte av ein vitenskapleg komité med erfarne forskarar med professorkompetanse. Klyngeleiinga er ikkje involvert i vurderingsprosessen, og har difor bidratt med rettleiing av søknader etter førespurnad, og vil halde fram med det. Søknadsskrivekurs – i form av webinar – har vorte arrangert ca. ein måned før søknadsfristen. Hovudtendensen er at søknadsmengda og -kvaliteten har auka over tid, men med ein del variasjonar frå eitt år til eit anna.

Følgjande søknadsaktivitet og tildelingar er registrerte sidan 2015 når det gjeld Polyfons sommarstipend for musikkterapistudentar:

Sommarstipend/år	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Søknadssum	56 000 ²	144 000	144 000	0	126 000	36 000	180 000
Innvilga sum	84 000	144 000	144 000	0	126 000	36 000	180 000
Tal søknader	2	3	3	0	4	1	5
Tal innvilga søknader	2	3	3	0	4	1	5

Tabell 5.2: Søknadsaktivitet og tildelingar til Polyfons sommarstipend for studentar 2015-2021.

Søknadene til Polyfons sommarstipend for studentar vert utvikla i samarbeid med forskarar ved GAMUT, så desse søknadene vert kvalitetssikra også på den måten. Vi har lyst ut 4 stipend per år, men søknadsmengda

² Den eine søknaden var på 2 halve stipend, men i samråd med rettleiar vart det gjort om til 2 heile stipend, difor er innvilga sum høgare enn søknadssum.

har variert noko frå år til anna. Gitt den låge tildelinga i 2020, og kvaliteten på søknadane, valde vi i 2021 og gje tilslag på alle 5 søknader som kom inn.

Vurderingar

Det er aukande, og samla sett ganske høg, publikasjonsaktivitet i norsk musikkterapiforskning, noko som også går fram av vedlegg 2. Det varierer frå prosjekt til prosjekt kva rolle Polyfon har spelt i prosessen fram til publisert artikkel. I somme tilfelle har klynga gitt støtte i ein pilotfase eller på andre måtar spelt ei direkte og tydeleg rolle i prosessen, i andre tilfelle er det meir avgrensa bidrag og kanskje snakk om indirekte prosessar, gjennom bidrag til dei utviklingsøkologiane vi skisserte innleiingsvis i kapittelet.

Publikasjonslista i vedlegg 2 viser at åtte av ti klyngedeltakarar i Polyfon er representerte med musikkterapi-relaterte publikasjonar i 2021. Det er ei kanskje markert auke samanlikna med situasjonen for berre få år sidan. Det tilsvarande talet for 2020 var t.d. tre av ni klyngedeltakarar. Denne utviklinga, som det er sannsynleg at Polyfon har bidratt til, er særst gledeleg. Når kommunar og helseføretak også byrjar å publisere musikkterapiforskning, er det grunnar til å tru at vilkår for *brukarmedverknad* og *praksisrelevans* vert styrkte. Tilsvarande: Når forskingsmiljø innan t.d. psykologi og medisin publiserer musikkterapi-relaterte artiklar, vert den *tverrfaglege* dimensjonen i faget styrkt. Dessutan vil denne spreinga av publiseringsaktivitet vere viktig for framtidig samspel mellom academia og tenester, der academia får lettare tilgang til forskarar med god kjennskap til praksisfeltet, medan tenestene lettare kan rekruttere praktistarar som også kjenner forskningslitteraturen og kan bidra aktivt i utvikling av fag og tenester.

Når det gjeld søknadar til Polyfons utlysingar, var 2021 eit godt år med høg aktivitet og auka søknadskvalitet. At Norges musikkhøgskule kom inn i samarbeidet i 2021 vil truleg ytterlegare vitalisere dette i åra som kjem. Prosessar som kan kvalitetssikre søknader er etablerte, m.a. gjennom informasjons- og inspirasjons-webinar og gjennom direkte rådgjeving. Dette kan likevel med fordel utviklast vidare, då det jo er eit mål at klyngedeltakarane også skal utvikle kompetanse og erfaring nok til å kunne konkurrere om eksterne midlar.

Ikkje alle klyngedeltakarane brukar Polyfons utlysingar av prosjektmidlar like aktivt. For å sikre god, praksisnær og brukarorientert kunnskapsutvikling vil det vere ønskjeleg å auke forskingsaktiviteten i tenestene ytterlegare og å spreie aktiviteten endå meir.



Frode Aass Kristiansen, ph.d.-kandidat ved Griegakademiet, er ein av fleire musikkterapiforskarar som aktivt byggjer bru mellom academia og tenester. Han forskar på musikkterapi, demens og agitasjon, i tett samarbeid med Etat for sykehjem i Bergen kommune. Her er han fotografert under Polyfon-konferansen 2021. Foto: Viggo Krüger.

6 Utdanning (delmål 3)

Hovudmål og delmål for samarbeidet i Polyfon er skisserte i kapittel 1. Delmål 3, om utdanning, er todelt. Delmål 3a: *Utdanning i musikkterapi er relevant, av høg kvalitet og av tilstrekkeleg omfang.* Delmål 3b: *Emne og/eller kurs om MT er integrerte i andre aktuelle profesjonsutdanningar.* I det følgjande skisserer vi arbeid og resultat knytt til dette todelte delmålet i 2021, under overskriftene *klyngeaktivitet, indikatordata og vurderingar.*

Klyngeaktivitet

Her skriv vi først om utdanningstilbod for musikkterapeutar, før vi kjem inn på ulike etter- og vidareutdanningstilbod, også for eit breiare publikum.

NMH og UiBs profesjonsutdanningar i musikkterapi

Både for NMH si årseining i musikk og helse, for NMHs toårige master og for Griegakademiet (UiB) si femårige integrerte masterutdanning i musikkterapi, er det eit mål at Polyfon skal fungere som ei kontaktflate med tenestene. Fagmiljøet arbeider kontinuerleg med revisjonar i studieplanen, og innspel frå Polyfon-samarbeidet – t.d. frå arbeidsgrupper eller erfaringspanel – er ein del av grunnlaget for dette.

Eit viktig innspel i 2021 kom gjennom rapporten «Kartlegging av musikkterapitjenester for barn og unge på Vestlandet», utarbeidd av musikkterapistudenten Karoline Widding og musikkterapeutane/forskarane Karin Mössler og Maren Metell. Rapporten viser at det er langt igjen før born og unge i regionen har det musikkterapitilbodet dei burde ha, og dessutan at det er behov for å setje søkjelys på fagleg utvikling av musikkterapitilbod innan pedagogiske og spesialpedagogiske kontekstar. Rapporten konkluderer difor med at det ville vere relevant at musikkterapiutdanninga la meir vekt på entreprenørskap, og også at undervisning om musikkterapi i pedagogiske kontekstar bør styrkast. Rapporten, som vart finansiert gjennom eitt av Polyfons sommarstipend for studentar (tildelt i 2019), vart ferdig like før jul 2020, og vart på nyåret 2021 sendt over til programstyret for musikkterapiutdanninga.



Christine Wilhelmsen er studieleiar for årsstudiet/vidareutdanninga i Musikk og helse ved Norges musikkhøgskole. Ho er også leiar for Norsk foreining for musikkterapi. Her er ho fotografert under Polyfon-konferansen 2021. Foto: Viggo Krüger.

Studentane ved studiet har elles vore knytt til kunnskapsklynga Polyfon på ulike vis også i 2021, gjennom prosjekt, sommarstipend, deltaking på seminar/webinar, osb.

Etter- og vidareutdanningstilbod

Etter- og vidareutdanningstilbod kan springe ut av behov meldt frå praksisfeltet og/eller mogelegheiter synleggjort av forskings- og utviklingsprosjekt.

I 2020 etablerte Griegakademiet, UiB, eit nytt vidareutdanningstilbod for lærarar, i to modular: MUTP640 og MUTP641 «Musikk i førebyggjande arbeid med born og unge». Tilbodet sprang ut av det Erasmus+-finansierte STALWARTS-prosjektet om relasjonell helse i skulen. Nytt opptak vart lyst ut i 2021. Erfaringa er at slike etterutdanningstilbod kan bidra til å bygge føresetnader for utvikling av nye tenester og tilbod.

Spesialistutdanning for musikkterapeutar

Sidan september 2016 har styringsgruppa for Polyfon fleire gongar drøfta relevansen av spesialistutdanningstilbod for musikkterapeutar og også etterspurt slik utdanning. I desember 2018 fekk Griegakademiet kr. 200 000 i støtte frå UiB til dette, og til utvikling av to etterutdanningsmodular. Arbeid med dette var ei prioritert oppgåve i 2019, der leiaren for klynga var skrivar for eit nasjonalt utval som leverte utkast til utgreiing 31. desember 2019. Etter ein innspelskonferanse vart ein endeleg versjon av utgreiinga levert til NMH og KMD i mai 2020. Spørsmålet vart drøfta på nytt i «firepartssamarbeidet» i 2021. Utgreiinga skal no til høyring i eit panel frå ulike delar av tenestene og academia.

Tverrfagleg samarbeid om profesjonsutdanning

Som omtalt i kapittel 3, vart ei ny arbeidsgruppe for tverrfagleg samarbeid om profesjonsutdanning etablert i 2021. Arbeidsgruppa vil ta initiativ for å styrke musikk og musikkterapi som tema i aktuelle profesjonsutdanningar. Initiativtakar var prorektor ved Høgskulen på Vestlandet, Anne-Grethe Naustdal. Arbeidsgruppa arbeider digitalt, med ca. 2 møte per semester. Av klyngedeltakarane så er det førebels Griegakademiet (UiB), Høgskulen på Vestlandet, Norges musikkhøgskole og Vestland fylkeskommune som er involvert i samarbeidet. Dersom arbeidsgruppa lukkast med å påverke musikkens plass i dei aktuelle utdanningane, vil dette ha mykje å seie for framtidige vilkår for tverrfagleg samarbeid og utviklingsarbeid i tenestene.

Indikatordata

Søkjartal, studieplassar og uteksaminerte kandidatar ved musikkterapistudiet

MT-utdanning på bachelor- og masternivå		2019	2020	2021
Studieplassar	Årseining i musikk og helse (heiltid + deltid), NMH			20
	Master i MT toårig (heiltid + deltid) (+ 10 nye studieplassar 2021), NMH			12
	Master i MT femårig, UiB	14	18	18
Søkjartal totalt	Årseining i musikk og helse, NMH			108
	Master i MT toårig, NMH			51
	Master i MT femårig, UiB	148	153	129
Søkjartal førsteprioritet	Årseining i musikk og helse, NMH			70
	Master i MT toårig, NMH			48
	Master i MT femårig, UiB	50	45	32
Søklarar påmeldt oppt.prøve	Årseining i musikk og helse, NMH			ikkje oppgitt
	Master i MT toårig, NMH			ikkje oppgitt
	Master i MT femårig, UiB	53	40	33
Tal nye studentar registrerte	Årseining i musikk og helse, NMH			20
	Master i MT toårig, NMH			26
	Master i MT femårig, UiB	16	18	17
Uteksaminerte kandidatar	Årseining i musikk og helse, NMH			17
	Master i MT toårig, NMH			13
	Master i MT femårig, UiB	11	12	5

Tabell 6.1: Søkjartal og studieaktivitet for perioden 2019-2021.

Polyfon har ikkje samla inn data for NMH før i 2021. Når det gjeld UiB, ser vi at det har vore ein liten nedgang av tal søklarar frå 2019 til 2021.

MT-utdanning på phd-nivå		2021
Søkjartal totalt, institusjonsfinansierte stipend	NMH	6
	UiB	ikkje relevant
Søkjartal totalt eksternfinansierte stipend	NMH	0
	UiB	ikkje relevant
Kandidatar tatt opp, inst.finansierte stipend	NMH	2
	UiB	0
Kandidatar tatt opp, ekst.finansierte stipend	NMH	0
	UiB	0
Uteksaminerte kandidatar, inst.finansierte st.	NMH	utan tal for 2021
	UiB	utan tal for 2021
Uteksaminerte kandidatar, ekst.finansierte st.	NMH	utan tal for 2021
	UiB	utan tal for 2021

Tabell 6.2: Søkjartal og studieaktivitet på ph.d.-nivå, ny indikator i 2021.

Indikatoren er under utvikling, og vil frå og med 2022 verte meir konkret, ved at det også vert spurt etter uteksaminerte kandidatar. Noko av verdien av indikatoren i Polyfon-samanheng, kan verte å få dokumentert omfanget av eksternfinansierte doktorgradsstipend, der det vert særleg viktig å fange opp aktivitet som spring ut av initiativ og kunnskapsbehov i tenestene.

Utdanningsemne i andre profesjonar, studiepoeng		2021
HVL	*Sjuepleie i helsefremjande og førebyggjande arbeid (SK 157, sjuepleie bachelor HVL Førde)	
NMH		0
UiB	MUTP640 Musikk som verktøy i forebyggende arbeid med barn og unge	5
Utdanningsemne i andre profesjonar, tal studentar tatt opp		
HVL	*Sjuepleie i helsefremjande og førebyggjande arbeid (SK 157, sjuepleie bachelor HVL Førde)	70
NMH		0
UiB	MUTP640 Musikk som verktøy i forebyggende arbeid med barn og unge	14
Utdanningsemne i andre profesjonar, tal studentar uteksaminert		
HVL	*Sjuepleie i helsefremjande og førebyggjande arbeid (SK 157, sjuepleie bachelor HVL Førde)	
NMH		0
UiB	MUTP640 Musikk som verktøy i forebyggende arbeid med barn og unge	13

Tabell 6.3: Søkjartal og studieaktivitet på ph.d.-nivå, ny indikator i 2021. *Informasjon om sjuepleiarutdanning er meldt inn av kulturavdelinga i Vestland fylkeskommune, som har stått for undervisninga, og ikkje av Høgskulen på Vestlandet, som har ansvar for studiet.

Indikatoren er under utvikling, og relevansen vil m.a. vere avhengig av kva initiativ den nyetablerte arbeidsgruppa for tverrfagleg samarbeid om profesjonsutdanning vil ta og få gjennomslag for.

Vurderingar

Polyfon arbeider altså aktivt med å etablere faglege kontaktflater mellom utdanning og praksis, men førebels vert ikkje dette direkte dokumentert av dei indikatordata som vi har presentert her. Studentengasjement for sommarstipend (sjå kapittel 5) er kanskje ein vel så god indikator på akkurat det. Elles så vil sjølve innhaldet

i sommarstipenda kunne ha stor verdi, noko som i 2021 vart illustrert av «Kartlegging av musikkterapitjenester for barn og unge på Vestlandet», utarbeidd av studenten Karoline Widding.

Når det gjeld søknaden til utdanningane i musikkterapi, er det førebels ikkje nokon tydeleg effekt av at det dei siste åra har vore ei god utvikling i musikkterapitjenester (kapittel 4), meir forskingsbasert kunnskap (kapittel 5) og meir kjennskap til musikkterapi i samfunnet (kapittel 7). Det vil vere nærliggjande å anta at dette auke rekrutteringa til musikkterapistudiet på sikt, men slik effekt er altså førebels ikkje dokumentert.

Skal Polyfon nå sitt mål om å gjere musikkterapi tilgjengeleg for alle som ønskjer og treng det, må talet på søkjarar til musikkterapistudiet ytterlegare opp. Dette er difor ein viktig tematikk for kunnskapsklynga å følgje opp. Eitt spørsmål kan vere om aktuell informasjon faktisk når ut til dei det gjeld. Med andre ord: Har ungdom som skal vurdere framtidig utdanning tilgang til god nok informasjon om musikkterapi som eit fagfelt i rask utvikling, og om musikkterapeutprofesjonens mogelegheiter til å arbeide med musikk, relasjonar, brukarmedverknad og samfunnsdeltaking?

Indikatorane som gjev data om ph.d.-utdanning og om utdanning for andre profesjonar var nye i 2021. Å følgje desse indikatorane i åra framover kan gje interessant informasjon m.a. om samspelet mellom akademia og tenester og om samarbeidet mellom ulike fag og profesjonar.



Eirik Sæle, her under Polyfon-konferansen 2021, er ein av dei studentane som har engasjert seg i Polyfon-samarbeidet over tid, m.a. gjennom informasjonsarbeid, sommarstipend, film- og fotograferingsoppdrag. Foto: Viggo Krüger.

7 Formidling (delmål 4)

Hovudmål og delmål for samarbeidet i Polyfon er skisserte i kapittel 1. Delmål 4, om formidling: *Tenester og samfunn har kunnskap om og god kjennskap til musikkterapi som helseressurs*. I det følgjande skisserer vi arbeid og resultat knytt til dette delmålet i 2021, under overskriftene *klyngeaktivitet, indikatordata og vurderingar*.

Klyngeaktivitet

Polyfon deltar i det offentlege ordskifte om musikkterapiens utvikling, gjennom ulike typar aktivitet:

Polyfons nettsider

Polyfon har i interimsåret 2021, som i prosjektperiodane 2015-2020, hatt ei eiga nettside under forskingssenteret GAMUT si nettside. Her legg vi ut generell informasjon om kunnskapsklynga, lenker til Polyfon-nytt, årsmeldingar, kunngjeringar, utlysingar, osv. Nettsida vart oppdatert og vidareutvikla i 2021, m.a. ved vidareutvikling av retningslinjene for ulike søknader. I 2022 vil det verte etablert ei eiga nettside for Polyfon, som eit område under UiBs nettside. Det vil gje rom for å utvikle meir innhaldsrike nettsider som det vert lettare å navigere i.

[Kunnskapsbeskrivingane](#) på GAMUT si nettside spring ut av Polyfons samarbeid med tenestene, og dei fleste av desse er utvikla med støtte frå Polyfon. Kunnskapsbeskrivingane gjev tenestene oppdatert informasjon om forskingslitteratur på evidensgrunnlag, arbeidsmåtar og brukarerfaringar. Forankring og utvikling av desse kunnskapsbeskrivingane vil verte vurdert nærare i 2022.

Polyfon-nytt

Bulletengen «Polyfon-nytt» kom i 2021 ut med 5 nummer. Tidlegare år har vi gitt ut mellom 4 og 7 nummer. Bulletengen formidlar stort og smått av nyhende frå samarbeidet i klynga. Det er mogeleg å registrere seg, for å [abonnere på Polyfon-nytt kostnadsfritt](#).

Polyfons Facebook-side og Instagram-konto

Hausten 2017 vart Polyfons Facebook-side etablert, med nye innlegg dei fleste dagar. Her formidlar vi små og store nyhende i kunnskapsklynga, med informasjon om praksis, forskning, utdanning og arrangement. Vi legg vekt på å formidle stoff som er relevant for både brukarar, fagpersonar, leiarar og ålmenta. Interesse for Facebook-sida har vore jamt aukande. Det har i 2021 som tidlegare år også vore aukande aktivitet blant fleire av klyngedeltakarane når det gjeld spreiring av informasjon om musikkterapi på sosiale medium.

Ein eigen Instagram-konto for Polyfon vart etablert i 2021. Her er aktiviteten førebels klart lågare enn på Facebook. Med tanke på å nå eit yngre publikum, vil det vere verdt å vurdere om denne aktiviteten kan aukast i åra framover.

Musikkterapodden



Podkasten «Musikkterapodden» vart etablert i 2020, med økonomisk støtte frå Polyfon. Podkasten har utvikla seg til ei viktig kjelde til informasjon om musikkterapi.

Episodane har lagt vekt på å få fram breidda i feltet og eit mangfald av perspektiv, frå brukarar, musikkterapeutar og fagpersonar frå andre profesjonar.

9 episodar vart produserte i 2020 og ein ny sesong med nye episodar vart lansert i 2021. Episodane i 2021 har m.a. fokusert på «Å studere musikkterapi», «En psykologs perspektiv på musikkterapi», «Om å spille i band», «Musikkterapi for ungdom» og «Om forskning og musikkterapi på nyfødttintensiv».

Filmar

I løpet av hausten 2020 fekk Polyfon produsert to enkle informasjonsfilmar i samarbeid med Simon Gilbertson ved Griegakademiet, den eine om erfaringskonsulenten Morten Sommerbakk sine erfaringar med å bruke musikkterapi som ein veg ut av langvarig rusmisbruk, den andre om Tora Söderström Gaden (vinnar av Forsker Grand Prix 2020) sine erfaringar om musikkterapi med for tidleg fødde spedborn. Begge filmene har vore brukte i Polyfons informasjonsarbeid i 2021 og vil verte gjort tilgjengelege på Polyfons nye nettside i 2022.

Med støtte frå Polyfon, produserte Bergen kommune – Etat for barn og familie ein fin informasjonsfilm om musikkterapi i 2021. Denne vart lansert under Polyfon-konferansen i november og er seinare gjort [tilgjengeleg via etatens Facebook-side](#). Filmen spring ut av eit samarbeid på tvers av etatar og byrådsavdelingar, bygd opp i samband med ein presentasjon under Polyfon-konferansen av kommunens musikkterapitilbod for barn og unge. Når filmen informerer om kor ein kan ta kontakt dersom ein ønskjer eit musikkterapitilbod, vert det difor vist til eit spekter av mogelegheiter: ein kan kontakte barnehagen eller Kulturskolen, ein kan ringe lågterskeltelefonen i Barne- og familiehjelpen, eller ein kan kontakte Team for aktivitet for tilrettelagde fritidstilbud innan musikk (sjå skjermdumpen frå filmen nedanfor).

HER FINNER DU MUSIKKTERAPI FOR BARN OG UNGE I BERGEN KOMMUNE:

Barnehager, ved Pedagogisk fagsenter

Kulturskolen, ved Senter for musikkterapi

Barne- og familiehjelpen

Team for aktivitet har musikkterapeuter i sine fritidstilbud

Les mer og finn kontaktinformasjon på
bergen.kommune.no/musikkterapi

Fleire etatar og byrådsavdelingar i Bergen kommune tilbyr musikkterapi for barn og unge. Bilde: Skjermdump frå kommunens informasjonsfilm om musikkterapi, lansert under Polyfon-konferansen 2021.

Publikasjonar og konferansepresentasjonar

POLYFON har ei eiga brosjyre som er tilgjengeleg i papirutgåve og på kunnskapsklyngas [nettside](#).

Forskningsartiklane som vart publiserte i 2020, er allsidige og gjev fleire gode døme på formidling av praksisrelevant forskning på høgt nivå, sjå vedlegg 2.

Arrangement

På grunn av koronapandemien, vart 2021 eit spesielt år når det gjeld formidlingsarrangement. Dei fleste arrangement vart gjort om til webinar, medan vi i november endeleg kunne samlast til ein ny Polyfon-konferanse! Som skissert i kapittel 3, vart det også i månadsskiftet april/mai mogeleg å gjennomføre Gjenklang 2021. Denne brukarstyrte festivalen definerer seg ikkje som eit musikkterapitilbod, men byggjer nye tilbod for musikarar som har ein bakgrunn frå musikkterapi. Det var eit omfattande arbeid å få ein slik festival på beina i eit pandemiår, men festivalen var nettopp difor også ekstra kjærkomen i 2021.

Polyfon-konferansen

Årlege Polyfon-konferansar vart etablert som konsept i 2017. Konferansen skal vere ein årleg møteplass for inspirasjon, kunnskapsformidling og erfaringsdeling. Konferansen samlar både brukarar, praktikarar, forskarar og leiingar.



Polyfon-konferansen 2021 vart opna av Gottfried Greve, viserektor ved UiB. Foto: Eivind Senneset, UiB.

«Veier til ny praksis – Musikkterapi og implementering» var tema for Polyfon-konferansen i 2021, som vart arrangert 9. november, i samarbeid med Bergen kommune. Konferansen var utsett frå 2020 grunna koronasituasjonen, og programmet var i hovudsak det same som det som var planlagt for 2020. Konferansen, som vart gjennomført i Høgskulen på Vestlandet sine lokale på Kronstad i Bergen, vart godt besøkt. Legeforeningen hadde godkjend konferansen som valfritt kurs i fleire spesialistutdanningar, og Psykologforeningen som godkjend vedlikehaldsaktivitet. Som vanleg var det eit spekter av presentasjonar av praksis og forskning, med eksempel frå heile livsløpet. Posterutstillinga vart denne gongen supplert med ei stor, interaktiv fotoutstilling om musikkterapi og demens, initiert av forskarar ved Det psykologiske fakultet (UiB), sjå omtalen av 2021s tredje kvartal i kapittel 3.

Indikatordata

Tal oppslag om musikkterapi på sosiale medium og på nettsider

Følgjande tal for aktuelle oppslag er henta ut frå sosiale medium og nettsider:

Tal for ulike typar oppslag om musikkterapi		2019	2020	2021
Tal likarklikk og følgjarar på Polyfons FB-side	Likarklikk side	2047	2407	2734
	Følgjarar side	2073	2481	2839
Akkumulert tal oppslag om MT på utvalde offentlege nettsider pr. 31.12. i rapporteringsåret	bufdir.no	1	2	3
	helsedirektoratet.no	7	11	12
	stortinget.no	53	55	56

Tabell 7.1: Tal oppslag om musikkterapi på sosiale medium og på nettsider

Klyngedeltakarane sitt arbeid med kommunikasjon/formidling om musikkterapi

Seks av klyngedeltakarane har rapportert om eige arbeid med kommunikasjon/formidling i 2021:

<p>Bergen kommune</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kompetansesenter for demens <ul style="list-style-type: none"> ○ Har bidratt med undervisning tilknyttet Fagskolens ABC-demensomsorg og seminar ved USHT Vestland ○ Oppslag på intranett, Almeningen, om gjennomført festival ved Fyllingsdalen sykehjem • PPS Vest <ul style="list-style-type: none"> ○ MT holder sporadisk innlegg i internt team, presentasjon til barnehager og PPT, men dette er ikke inn i et årshjul eller gjennomført på en systematisk måte som sikrer kunnskap i egen organisasjon eller ute i feltet (barnehager og/eller foreldre). <p>Griegakademiet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Arbeid med Polyfon nettsider • Samarbeid om informasjonsvideo – investering fra GA • Videoproduksjon i rekruttering til musikkterapistudiet
--

Helse Fonna:

- BUP Haugesund
 - Info på Klinikksiden (Intranett tilhørende klinikken)
 - Info på MiEining (Intranet tilhørende avdeling)
 - Tema på husmøte (Obligatorisk personalmøte til alle ansatte på avdelingen)
 - Tema på fagdag knyttet til døgn
 - Media (ulike avviser i opptaksområdet Helse Fonna) sak om musikkterapitilbud i Helse Fonna
 - Helse Fonna har hatt flere saker om tilbudet før jul og i romjula.
 - TV Haugaland reportasje om musikkterapitilbud i Helse Fonna.
 - Polyfon som omtaler tilbudet i Helse Fonna på sine nettsider, nyhetsbrev, Facebook.
 - Det jobbes med å få info om musikkterapi på internettsiden til BUP Haugesund under behandlingstilbud.

NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus:

- Formidlingsprosjekt v/ Kristine Madsø: Fremdeles her

USHT:

- USHT sin aktivitet blir ikkje fanga opp av punkta i skjemaet. T.d. ABC Musikkbasert miljøbehandling, tema på fagdagar/webinar, del av arbeidet med Leve heile livet-reforma (retteiing kommunar), demens osv.

Vestland fylkeskommune:

- Vedtak i fylkestinget om vidare deltaking fast i Polyfon
- Informasjon om rådgeving kultur, helse og musikkterapi på www.vlfk.no
- Orientering om fagområde kultur og helse til andre fylkeskommunar gjennom arbeidet med +UKM (ung kultur møtest) handlingsplan lokalt, regionalt og nasjonalt.

Tabell 7.2: Klyngedeltakarane sitt arbeid med kommunikasjon/formidling om musikkterapi i 2021.

Vurderingar

Når det gjeld sosiale medium, så veks tala for likarklikk og følgjarar på Polyfons Facebook-side jamt år for år. Dette er den største Facebook-sida i Noreg når det gjeld informasjon om musikkterapi. Tilbakemeldingar tyder på at sida når mange vaksne fagpersonar med interesse for musikkterapi. Det er mindre grunn til å tru at sida når særleg langt ut til ungdom som vurderer å søkje studiet (jf. kapittel 4). Når/dersom klynga får kapasitet til det, vil det truleg gje auke gjennomslag om ein også makta å vere meir aktiv på andre sosiale medium, som t.d. Instagram.

Tal oppslag om musikkterapi på nettsidene til instansar som Bufdir, Helsedirektoratet og Stortinget aukar sakte. Det vil difor kanskje per i dag vere mest interessant å gå konkret inn og sjå på innhaldet i dei få oppslaga som kjem til frå år til år. Her kan vi t.d. nemne det nye oppslaget på Bufdir sine sider, som er ein rapport om korleis ungdom, ungdomskultur og ungdomsarbeid vert påverka av pandemien (Bøhler & Huang, 2021). Her er musikk gitt ein fyldig plass, inkludert fleire referansar til musikkterapeutisk praksis og forskning.

På ei offentleg nettside som helsenorge.no har det dei siste åra ikkje vore noko kvantitativ endring: det er berre eitt oppslag om musikkterapi, nemleg omtalen av musikkterapi som eitt av fem hovudval i [samvalsverktøyet for psykose](#). Dette nasjonale verktøyet vart revidert i 2021, med faglege bidrag frå Polyfon.

Tabell 7.2 viser at mange av klyngedeltakarane arbeider aktivt med kommunikasjon og formidling om musikkterapi. Breidda i tilnærmingar er imponerende. Dette arbeidet har verdi i seg sjølv, og vil også verte ein ressurs når styringsgruppa i 2022 skal byrje arbeidet med strategi, inkludert kommunikasjonsstrategi.

Avslutningsvis minner vi (oss sjølve) om at det viktigaste spørsmålet for norsk musikkterapi er ikkje korleis få merksemd, men kva vi ønskjer å bruke denne merksemda til. Vidare drøftingar av klyngas kommunikasjonsstrategiar vil måtte ta tak i denne type spørsmål.

8 Samhandling

Samhandling er ein grunnidé i Polyfon og skjer på fleire arenaer, gjennom bruk av fleire reiskapar:

Samhandling innanfor klynga

Når det gjeld samhandlinga *innanfor* klynga, er styringsgruppe, erfaringspanel, arbeidsgrupper og ulike konferansar og seminar nokre av dei viktigaste reiskapane.

Styringsgruppa for andre prosjektperiode (2017-2020) og interimperioden (2021) avslutta arbeidet sitt med eit møte 5. oktober 2021. Ei ny styringsgruppe tar over når klynga vert konstituert som fast samarbeidsstruktur i januar 2022. Vi takkar avtroppande styringsgruppe for solid og viktig arbeid over fleire år!

Erfaringspanelet har i 2021 som i 2020 hatt eit krevjande år, først og fremst grunna pandemien. 1. desember byrja kunnskapsklyngas nye erfaringskonsulent, Kristianne Storhaug Ervik, i ei 20 % prosjektstilling, og vi har tru på at dette vil bidra til å styrke erfaringspanelet sitt viktige arbeid.

Arbeidsgruppene knytt til ulike tenesteområde har gjennom prosjekt- og interimperioden utvikla seg på litt ulikt vis. For å kunne vidareutvikle konseptet, har vi difor etter interimperioden gjennomført ei evaluering av dette arbeidet, sjå vedlegg 3. Elles så har vi i 2021 på HVL sitt initiativ også fått etablert ei ny arbeidsgruppe, med fokus på tverrfagleg samarbeid om profesjonsutdanning.

Av seminar og konferansar er den årlege Polyfon-konferansen den viktigaste. Denne vart avlyst i 2020 grunna pandemien. Dess større var glede då vi i 2021 igjen kunne ønskje velkomen til ein ny Polyfon-konferanse. For utvikling av dei relasjonane og diskusjonane klynga treng, har det stor verdi å *møte* folk.

No når klynga vert ein fast samarbeidsstruktur med nasjonal orientering, vil det likevel vere eit stort behov for å utvikle nye samhandlingsreiskapar gjennom digitalisering. Dette arbeidet er godt i gong.



Polyfon-konferansen 2021 vart ein fin samhandlingsarena for ulike etatar og einingar i Bergen kommune, her representert ved Jon Raundalen (rektor for Bergen kulturskole) og Ragnhild Inderhaug (leiar for Seksjon for spesialpedagogiske tenester). Foto: Viggo Krüger.

Nasjonal og internasjonal samhandling

For samhandling med aktørar *utanfor* klynga, er deltaking i nasjonale nettverk ein viktig reiskap. Det er førebels etablert tre slike nettverk, for felte barnevern, for psykisk helse/rus og for eldrehelse.

Nasjonal samhandling er vesentleg styrkt i 2021, ved at klynga har inngått strategiske samarbeidsavtalar med fire nasjonale aktørar: Norsk forening for musikkterapi, Fagrådet – Rusfeltets hovedorganisasjon, Nasjonal kompetansetjeneste for psykisk helsearbeid (NAPHA) og Nasjonal kompetansetjeneste for samtidig rusmisbruk og psykisk lidelse (NKROP).

Som tidlegare år, registrerer vi internasjonal interesse for kunnskapsklynga Polyfon, med førespurnader om informasjon og føredrag. Vidare er dei ulike klyngedeltakarane sine internasjonale prosjekt og nettverk også viktige reiskapar for internasjonal samhandling om tematikkar av relevans for Polyfon sitt arbeid.

9 Retning for vidare arbeid

Kva retning det vidare arbeidet i klynga vil ta, vil vere avhengig av kva strategiske val styringsgruppa tar, men også av internasjonale og nasjonale utviklingstendensar og føringar og av lokale behov og initiativ.

I interimperioden i 2021 vart to viktige grunnlagsdokument for klynga utarbeidd, nemleg klyngeavtaleteksten og dokumentet «Polyfons faglege plattform».

Klyngeavtalen vart utarbeidd i samarbeid med UiBs forskings- og innovasjonsavdeling, med intensjon om å skape gode rammer for den kulturen som er saman bygd opp i prosjektperiodane, med eit tillitsbasert samarbeidsklima.

«Polyfons faglege plattform» er eit vedlegg til klyngeavtalen, og erstattar den prosjektskissa som var grunnlaget for klyngas faglege profil i prosjektperiodane. Den faglege plattformen er utforma med sikte på å få fram potensialet som ligg i samarbeid på tvers om kunnskapsinformert og deltakingsorientert bruk av musikk som helseressurs. Dette kan t.d. omfatte samarbeid mellom ulike fag og mellom profesjonar og frivillige organisasjonar. Samstundes skisserer plattformen behovet for å byggje eit rom for spesialisert bruk av profesjonell musikkterapi, der det er behov for dette.

Desse to dokumenta vert ein del av grunnlaget for den strategiprosessen klynga vil initiere i 2022.

10 Litteratur

Bøhler, Kjetil Klette & Lihong Huang (2021). [Hvordan har ungdom, ungdomskultur og ungdomsarbeid blitt påvirket av pandemien?](#) Velferdsforskningsinstituttet NOVA, Oslo Met.

Øvernes, Leif Arvid (2019). [Medikamentfrie behandlingsforløp for personer med psykoselidelser. Erfaringer fra pilotprosjektet i Helse Bergen.](#) Bergen/Stavanger: Helse Bergen HF/Helse Vest RHF.

Vedlegg 1: Rekneskapsrapport for Polyfon for 2021

Inntekter	
Overført frå 2020	348 000
Nye bidrag 2021	1 654 500
Rest på 700910	815 500
Overført til 2022	- 923 800
Sum	1 894 200
Utgifter	
Løn prosjektleiar	607 800
Løn administrativ koordinator	655 000
Løn erfaringskonsulent	10 200
Honorar brukarar	8 600
Sommarstipend	184 800
Prosjektstøtte utbetalt	312 700
Andre driftskostnader	115 100
Sum	1 894 200

Vedlegg 2: Polyfon-relaterte publikasjoner i 2021

Vedlegget gjev oversyn over musikkterapirelaterte vitskaplege publikasjonar av forskarar knytte til deltakarane i kunnskapsklynga Polyfon. Listene er hausta frå databasen Cristin og supplerte med manuelle søk.

Deltakarane i Polyfon står for det aller meste av forskingsaktiviteten innan musikkterapi i Noreg, så dette vedlegget gjev god oversikt over norske, musikkterapirelaterte forskingspublikasjonar i 2021. Det vil variere noko frå publikasjon til publikasjon kor tett denne er kopla til det spesifikke samarbeidet i kunnskapsklynga.

Åtte av ti klyngedeltakarar er representerte med musikkterapirelaterte publikasjonar i 2021:

- Bergen kommune (Etat for barn og familie)
- Betanien sykehus
- Helse Bergen/Haukeland universitetssjukehus
- Høgskulen på Vestlandet
- NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus
- NORCE (GAMUT)
- Norges musikkhøgskole (CREMAH)
- Universitetet i Bergen (GAMUT og Det psykologiske fakultet).

I dei tilfelle der publikasjonane har fleire forfattarar, kan dei vere lista opp under fleire overskrifter nedanfor. Som omtala i kapittel 5, er det altså totalt 33 NVI-registrerte publikasjonar i klynga i 2021.

Vitskaplege publikasjonar frå Bergen kommune

Enge, K. E. Å. & Stige, B. Musical pathways to the peer community: A collective case study of refugee children's use of music therapy. *Nordic journal of music therapy*, 2021

Vitskaplege publikasjonar frå Betanien sykehus

Krüger, V., Torstuen, E & Høiseth, T (2021). Muligheter og utfordringer i oppstartsfasen av et musikkterapeutisk tiltak på en nyoppstartet barnevernsinstitusjon – en kvalitativt eksplorerende studie, *Musikkterapi*.

Vitskaplege publikasjonar frå Helse Bergen / Haukeland universitetssjukehus

Ghetti, C; Vederhus, B. J.; Gaden, T. S.; Brenner, A.; Bieleninik, L.; Kvestad, I.; Assmus, J. & Gold, C. Longitudinal Study of music Therapy's Effectiveness for Premature infants and their caregivers (LongSTEP): Feasibility study with a Norwegian cohort. *The Journal of music therapy*, 2021; Vol. 58(2) s. 201-240.

Steinkopf, H.; Nordanger, D.; Stige, B. & Milde, A. M. Experiences of Becoming Emotionally Dysregulated. A Qualitative Study of Staff in Youth Residential Care. *Child & Youth Services*, 2021 s. 1-20.

Vitskaplege publikasjonar frå Høgskulen på Vestlandet

Espeland, Å. & Stige, B. Teaching repertoires and pedagogical improvisation in music teacher practices. *British Journal of Music Education*, 2021; Vol. 38(3) s. 207-218

Gilbertson, S. & Hebert, D. G. Music in a Concussive Monologue. *Voices: A World Forum for Music Therapy*, 2021; Vol. 21(3).

Vitskaplege publikasjonar frå NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus

Madsø, K. G., Molde, H., Hynninen, K. M. & Nordhus, I. H. (2021). Observing Music Therapy in Dementia: Repeated Single-case Studies Assessing Well-being and Sociable Interaction, *Clinical Gerontologist*, DOI: 10.1080/07317115.2021.1978121.

Madsø, K. G., Flo-Groeneboom, E., Pachana, N. A., & Nordhus, I. H. (2021). Assessing Momentary Well-Being in People Living With Dementia: A Systematic Review of Observational Instruments. *Frontiers in Psychology*, 23, November 2021 <https://doi.org/10.3389/fpsyg.2021.742510>

Vitskaplege publikasjonar frå NORCE (GAMUT)

Bieleninik, Ł., Ettenberger, M., Epstein, S., Elefant, C., & Arnon, S. (2021). Potential Psychological and Biological Mechanisms Underlying the Effectiveness of Neonatal Music Therapy during Kangaroo Mother Care for Preterm

Infants and Their Parents. *International journal of environmental research and public health*, 18(16), 8557. <https://doi.org/10.3390/ijerph18168557>

Bieleninik Ł, Lutkiewicz K, Cieślak M, Preis-Orlikowska J & Bidzan M. Associations of Maternal-Infant Bonding with Maternal Mental Health, Infant's Characteristics and Socio-Demographical Variables in the Early Postpartum Period: A Cross-Sectional Study. *Int. J. Environ. Res. Public Health*, 2021; 18(16):8517. <https://doi.org/10.3390/ijerph18168517>

Bauer, S.; Epstein, S.; Bieleninik, Ł.; Yakobson, D.; Elefant, C. & Arnon, S. Parental Attitudes toward Consent for Music Intervention Studies in Preterm Infants: A Cross-Sectional Study. *Int. J. Environ. Res. Public Health*, 2021, 18, 7989. <https://doi.org/10.3390/ijerph18157989>

Bieleninik, Ł., Lutkiewicz, K., Jurek, P. & Bidzan, M. (2021) Paternal Postpartum Bonding and Its Predictors in the Early Postpartum Period: Cross-Sectional Study in a Polish Cohort. *Front. Psychol.* 12, 628650. doi: 10.3389/fpsyg.2021.628650

Ettenberger, M.; Bieleninik, Ł.; Epstein, S. & Elefant, C. (2021). Defining Attachment and Bonding: Overlaps, Differences and Implications for Music Therapy Clinical Practice and Research in the Neonatal Intensive Care Unit (NICU). *Int. J. Environ. Res. Public Health*, 18, 1733. doi: 10.3390/ijerph18041733

Bieleninik, L. & Gold, C. Estimating Components and Costs of Standard Care for Children with Autism Spectrum Disorder in Europe from a Large International Sample. *Brain Sciences* 2021; Vol. 11(3) s. 1-19.

Erkkilä, J.; Brabant, O.; Hartmann, M.; Mavrolampados, A.; Ala-Ruona, E.; Snape, N.; Saarikallio, S. & Gold, C. Music Therapy for Depression Enhanced with Listening Homework and Slow Paced Breathing: A Randomised Controlled Trial. *Frontiers in Psychology* 2021; Vol. 12. s. 1-14.

Gaden, T. S.; Ghetti, C.; Kvestad, I. & Gold, C. The LongSTEP approach: Theoretical framework and intervention protocol for using parent-driven infant-directed singing as resource-oriented music therapy. *Nordic j. of music therapy*, 2021

Gassner, L.; Geretsegger, M. & Mayer-Ferbas, J. Effectiveness of music therapy for autism spectrum disorder, dementia, depression, insomnia and schizophrenia: Update of systematic reviews. *European Journal of Public Health*, 2021.

Ghetti, C; Vederhus, B. J.; Gaden, T. S.; Brenner, A.; Bieleninik, L.; Kvestad, I.; Assmus, J. & Gold, C. Longitudinal Study of music Therapy's Effectiveness for Premature infants and their caregivers (LongSTEP): Feasibility study with a Norwegian cohort. *The Journal of music therapy*, 2021; Vol. 58(2) s. 201-240.

Gladstone, B., Exenberger, S., Weimand, B., Lui, V., Haid-Stecher, N. & Geretsegger, M. (2021). The Capability Approach in research about children and childhood: A scoping review. *Child Indicators Research*, 14(1), 453–475. doi:10.1007/s12187-020-09766-0

Krüger, V., Torstuen, E. & Høiseith, T (2021). Muligheter og utfordringer i oppstartsfasen av et musikkterapeutisk tiltak på en nyoppstartet barnevernsinstitusjon – en kvalitativt eksplorerende studie, *Musikkterapi*.

Pedersen, I. N.; Bonde, L. O.; Hannibal, N.; Nielsen, J.; Aagaard, J.; Gold, C.; Rye Bertelsen, L.; Jensen, S. B. & Nielsen, R. E. Music Therapy vs. Music Listening for Negative Symptoms in Schizophrenia: Randomized, Controlled, Assessor- and Patient-Blinded Trial. *Frontiers in Psychiatry* 2021; Vol. 12.

Ullsten, A.; Polkki, T. & Ghetti, C. Parents as nurturing resources: A family integrated approach to music therapy for neonatal procedural support. *Music and Medicine*, 2021; Vol. 13(2) s. 99-111.

Yakobson, D.; Gold, C.; Beck, B. D.; Elefant, C.; Bauer-Rusek, S. & Arnon, S. Effects of live music therapy on autonomic stability in preterm infants: A cluster-randomized controlled trial. *Children* 2021; Vol. 8(11) s. 1-14.

Vitskapelege publikasjonar frå Norges musikkhøgskole (CREMAH)

Baker, F.A., Odell-Miller, H., Stensaeth, K., Wosch, T., Bukowska, A, Tamplin, J., Poole, J., Johansson, K., Teggelove, K., Blauth, L., Sousa, T. (in draft). Recruitment Approaches and Profiles of Consenting Family Carers and People with Dementia: Experiences of the International HOMESIDE Randomised Controlled Trial.

Baker, F.A., Pool, J., Johansson, K., Wosch, T., Bukowska, A., Blauth, L., Stensaeth, K., Clark, I., Odell Miller, H. (2021). Strategies for Increasing Recruitment of older adults to Music Therapy Studies: A Systematic Review. *Journal of Music Therapy*, 58, 4, 373-407. DOI: [10.1093/jmt/thab010](https://doi.org/10.1093/jmt/thab010)

Baker, F.A., & Tamplin, J. (2021). Music therapy service provision via telehealth in response to COVID-19 restrictions: A survey of Australian practitioners and consumers. *Australian Journal of Music Therapy*, 32(1), 1-24.

- Blichfeldt-Ærø, S. C. (2021). *Music therapy as an adjunct in cardiac device lead extraction procedures. A randomized controlled trial*. (Doctoral thesis). Norwegian Academy of Music, NMH-publikasjoner 2021:4.
- Blichfeldt-Ærø, S. C., Halvorsen, S., & Trondalen, G. (2021). Music therapy in invasive cardiac procedures: Expanded perspective. *British Journal of Music Therapy*. DOI: <https://doi.org/10.1177/13594575211039090>
- Bonde, L. O. (2021). *Bent Lorentzen*. København: Multivers. (139 sider, serien *Danske Komponister*)
- Bonde, L. O. (2021). Et operahus og dets historie - Helsingør Theater. *Ascolta*, 39(5), 25–32.
- Bower, J., Magee, W., Catroppa, C., Baker, F. A. (2021). The neurophysiological processing of music in children: A systematic review with narrative synthesis and considerations for clinical practice in music therapy, *Frontiers in Psychology - Health Psychology*. DOI: 10.3389/fpsyg.2021.615209
- Clark, I. N., Stretton-Smith, P.A., Tamplin, J., Lee, Y-E.C, Cotton, A., & Baker, F. A. (2021). Doing things together is what it's about: An interpretative phenomenological analysis of the experience of group therapeutic songwriting from the perspectives of people with dementia and their family caregivers. *Frontiers in Psychology - Health Psychology*. DOI: 10.3389/fpsyg.2021.598979
- De Witte, M., Orkibi, H., Zarate, R., Karkou, V., Sanjani, N., Malhotra, B., Ho, R.T.H., Kaimal, G., Baker, F.A., & Koch, S.C. (2021). (2021). Identifying Mechanisms of Change for Psychological Health Outcomes in the Creative Arts Therapies. A Scoping Review. *Frontiers in Psychology*. 12: 678397. Published online 2021 Jul 15. doi:10.3389/fpsyg.2021.678397
- Jensen, H., & Bonde, L. O. (2021). Hjerterum og plads til hvem du er. Gruppemusikterapi for yngre mennesker med demens. *Danish Musicology Online, Særnummer*, 68–96.
- Lee, Y-E. C., Stretton-Smith, P., Baker, F.A. (2022). The effects of group music interventions in residential aged care for people with dementia and depression from a cluster randomised controlled trial: Perspectives from people with dementia, family members and care home staff. *International Journal of Older People Nursing*, DOI: 10.1111/opn.12445
- MacDonald, R.A.R, Wilson, G., & Baker, F.A. (2021). Musical Creativity, Health and Wellbeing. In *Edited by Nicolas Donin The Oxford Handbook of the Creative Process in Music*. OUP, p. 436-452. 10.1093/oxfordhb/9780190636197.013.14
- McMahon, K., Baker, F. A., Stretton-Smith, P., & Clark, I. N. (2021). Using group therapeutic songwriting to support the dyadic relationship between people living with dementia and their family caregivers: Perspectives from music therapists. *Australian Journal of Music Therapy*, 32:2.
- Pedersen, I. N., Bonde, L. O., Hannibal, N. J., Nielsen, J., Aagaard, J., Gold, C., ... Nielsen, R. E. (2021). Music Therapy vs. Music Listening for Negative Symptoms in Schizophrenia: Randomized, Controlled, Assessor- and Patient-Blinded Trial. *Frontiers in Psychiatry*, 12, 2374. <https://doi.org/10.3389/fpsyg.2021.738810>
- Sanfi, I., Blichfeldt-Ærø, S. C., Steinhardt, T. L., Mangersnes, J., Messell, C., Pedersen, K. Ø., Noer, M. L., & Hasle, H. (2021). Music and Imagery in Child Oncology (MICO). Beskrivelse af et musikterapeutisk multisite-forskningsprojekt i sin afsluttende fase. *Tidsskriftet Dansk Musikterapi*, 18 (1), 17–26.
- Steinhardt, T. L., Mortvedt, S., & Trondalen, G. (2021). Music Therapy in the Hospital-at-home. A practice for children in palliative care. *British Journal of Music Therapy*, July 6th. <https://doi.org/10.1177/13594575211029109>
- Stige, B., Solli, H. P., & Ghetti, C. (2021). Musikterapi. I K. Lossius (Red.), *Håndbok i rusbehandling* (s. 476-497). Gyldendal.
- Tamplin, J.T., Morris, M.E., Baker, F.A., Sousa, T., Haines, S., Dunn, S., Tull, V., & Vogel, A.P., (2021). ParkinSong Online: protocol for a telehealth feasibility study of therapeutic group singing for people with Parkinson's disease. *BMJ Open* 2021;11:e058953. doi:10.1136/bmjopen-2021-058953
- Thompson, Z., Baker, F. A., Clark, I., and Tamplin, J. (2021). Making Qualitative Interviews in Music Therapy Research More Accessible for Participants Living with Dementia – Reflections on Development and Implementation of Interview Guidelines. *International Journal of Qualitative Methods*, 20. DOI: 10.1177/16094069211047066
- Thompson, Z, Tamplin, J., Clark, I., Baker, F.A. (2021). How singing can help people with dementia and their family care-partners: A Mixed Studies Systematic Review with Narrative Synthesis, Thematic Synthesis and Meta-Integration. *Frontiers of Psychology*, 12. <https://doi.org/10.3389/fpsyg.2021.764372>
- Vogel, A., Tamplin, J, Mundt, J, Baker, F, Magee, B, Galatzre-Levym I. (2021). Speech is a sensitive marker of neuropsychiatric and neurodegenerative conditions in the right context. *Biological Psychiatry*, 89(9), s. 20.

Aadal, L., Hald, S. V., Setterberg, U. J., & Bonde, L. O. (2021). Music listening to decrease intensity of agitated behaviour after severe acquired brain injury: An experimental multi-case study. *Music & Medicine*, 13(1), 68–75.

Vitskapelege publikasjonar frå Universitetet i Bergen (GAMUT)

Enge, K- E. Å. & Stige, B. Musical pathways to the peer community: A collective case study of refugee children's use of music therapy. *Nordic journal of music therapy*, 2021

Espeland, Å. & Stige, B. Teaching repertoires and pedagogical improvisation in music teacher practices. *British Journal of Music Education*, 2021; Vol. 38(3) s. 207-218

Gaden, T. S.; Ghetti, C.; Kvestad, I. & Gold, C. The LongSTEP approach: Theoretical framework and intervention protocol for using parent-driven infant-directed singing as resource-oriented music therapy. *Nordic j. of music therapy*, 2021

Ghetti, C; Vederhus, B. J.; Gaden, T. S.; Brenner, A.; Bieleninik, L.; Kvestad, I.; Assmus, J. & Gold, C. Longitudinal Study of music Therapy's Effectiveness for Premature infants and their caregivers (LongSTEP): Feasibility study with a Norwegian cohort. *The Journal of music therapy*, 2021; Vol. 58(2) s. 201-240.

Gilbertson, S. & Hebert, D. G. Music in a Concussive Monologue. *Voices: A World Forum for Music Therapy*, 2021; Vol. 21(3).

Krüger, V.; Høiset, T. & Torstuen, E. Muligheter og utfordringer i oppstartsfasen av et musikkterapeutisk tiltak på en nyoppstartet barnevernsinstitusjon – en kvalitativt eksplorerende studie. *Musikkterapi*, 2021.

Krøier, J. K.; Stige, B. & Ridder, H. M. Non-Verbal Interactions between Music Therapists and Persons with Dementia. A Qualitative Phenomenological and Arts-Based Inquiry. *Music Therapy Perspectives* 2021; Vol. 39(2) s. 162-171

MacDonald, R; Burke, R.; DeNora, T.; Donohue, M. S.; Birrell, R.. Our Virtual Tribe: Sustaining and Enhancing Community via Online Music Improvisation. *Frontiers in Psychology*, 2021; Vol. 11.

Schmid, W.; Simpson, F.; DeNora, T. & Ansdell, G. Music therapy research during a pandemic: An accidental experiment in caring for music. *International Journal of Community Music*, 2021; Vol. 14(2-3) s. 311-330.

Steinkopf, H.; Nordanger, D.; Stige, B. & Milde, A. M. Experiences of Becoming Emotionally Dysregulated. A Qualitative Study of Staff in Youth Residential Care. *Child & Youth Services*, 2021 s. 1-20.

Stige, B. Artistic citizenship and the crafting of mutual musical care. I: *Music Education as Craft - Reframing theories and practice*. Heidelberg: Springer Nature 2021 ISBN 9783030677039. s. 89-104.

Tuastad, L. Plassert ved sida av Rolling Stones – ein studie om Harald og musikkoppfølgingstilbodet B15.. *Tidsskrift for psykisk helsearbeid*, 2021 s. 295-306

Ullsten, A.; Polkki, T. & Ghetti, C. Parents as nurturing resources: A family integrated approach to music therapy for neonatal procedural support. *Music and Medicine*, 2021; Vol. 13.(2) s. 99-111.

Vitskapelege publikasjonar frå Universitetet i Bergen (Det psykologiske fakultet)

Færøvik, U., Specht, K. & Vikene, K. Suppression, Maintenance, and Surprise: Neuronal Correlates of Predictive Processing Specialization for Musical Rhythm. *Frontiers in Neuroscience*, 27 August 2021, <https://www.frontiersin.org/articles/10.3389/fnins.2021.674050/full>

Koelsch, S., Cheung, V.K.M., Jentschke, S. *et al.* Neocortical substrates of feelings evoked with music in the ACC, insula, and somatosensory cortex. *Sci Rep* 11, 10119 (2021). <https://doi.org/10.1038/s41598-021-89405-y>

Madsø, K. G., Molde, H., Hynninen, K. M. & Nordhus, I. H. (2021). Observing Music Therapy in Dementia: Repeated Single-case Studies Assessing Well-being and Sociable Interaction, *Clinical Gerontologist*, DOI: 10.1080/07317115.2021.1978121.

Madsø, K. G., Flo-Groeneboom, E., Pachana, N. A., & Nordhus, I. H. (2021). Assessing Momentary Well-Being in People Living With Dementia: A Systematic Review of Observational Instruments. *Frontiers in Psychology*, 23, November 2021 <https://doi.org/10.3389/fpsyg.2021.742510>

Taruffi, L., Skouras, S., Pehrs, C. *et al.* Trait Empathy Shapes Neural Responses Toward Sad Music. *Cogn Affect Behav Neurosci* 21, 231–241 (2021). <https://doi.org/10.3758/s13415-020-00861-x>

Vedlegg 3: Innspel frå arbeidsgruppene i Polyfon

Som skissert i forordet, har vi for 2021, som var ein interimperiode for kunnskapsklynga, brukt ein annan mal enn tidlegare år for rapportering av arbeidsgruppene sitt arbeid.

I staden for at arbeidsgruppene summerer opp eigen aktivitet i 2021, gjev vedlegg 3a-3d arbeidsgruppene vurderingar av eige arbeid i heile klyngas prosjekt- og interimperiode (2015-2021) og innspel til korleis konseptet for Polyfons arbeidsgrupper kan utviklast og forbetrast dei komande åra.

Vurderingane og innspela tar utgangspunkt i eit felles sett med spørsmål, der metoden for innsamling av synspunkt har variert noko frå arbeidsgruppe til arbeidsgruppe.

Vedlegg 3a: Innspel frå Polyfons arbeidsgruppe for barn og unges oppvekst

Evalueringsamtale 10. mars 2022: Gruppeleiar Nina Bolstad (Bergen kommune, Etat for barn og familier), Kaja Elise Enge (Bergen kommune, Etat for barn og familier), Ragnhild Inderhaug (Bergen kommune, Seksjon for spesialpedagogiske tjenester), Viggo Krüger (UiB, Griegakademiet), Bente Monstad (Haukeland universitetssjukehus, Klinikk Psykisk helsevern for barn og unge).

Ikkje til stades: Omar Emanuel Johnsen (Bergen kommune, BKKN Team for aktivitet), Maren Metell (Bergen kommune, Tveiterås skole/Vestnorsk nettverk for musikkterapi i barn og unges oppvekst), Nathalie Laure Ponroy (Vestland fylkeskommune, Bergen katedralskole, avdeling Kyrre).

Arbeidsgruppas erfaringar: Kva har fungert?

Ragnhild framheva at å arbeide saman på denne måten, der ein kan dele erfaringar, inspirere og støtte kvarandre, utvikle idear og arbeide med samhandling vert opplevd som viktig og meningsfullt.

Bente la vekt på at noko av det som har vore nyttig er å ha samhandling på tvers av etatar og forvaltningsnivå. Også Viggo framheva verdien av å dele informasjon om kva som skjer på feltet, i spesialisthelsetenesta, kommunane, academia. At feltet er nytt og relativt lite aukar relevansen av det å dele og samarbeide i ei slik arbeidsgruppe. Kva er behovet i ulike delar av tenestene? Kva løysingar og praksisar er under utvikling? Kva skjer med studentane når dei får seg arbeid i tenestene? Osb.

Som representant for praksisfeltet, framheva Kaja at arbeidsgruppa fungerer som ein god arena for dialog mellom musikkterapeutane «på golvet» og leiarar og mellomleiarar med påverknad i organisasjonane.

Som arbeidsgruppas leiar, understreka Nina at det er god leiarforankring «heilt opp» i dei organisasjonane som er representerte i arbeidsgruppa, samstundes som desse organisasjonane er prega av at det framleis kan vere vanskeleg å prioritere musikkterapi. Det betyr ikkje at det er negative haldningar, men at musikkterapi framleis er nytt, og at «ordinær drift» ofte kan trumfe det som vert oppfatta som utviklingsoppgåver. Dess viktigare er det å kome saman i ei arbeidsgruppe, for gjensidig støtte og inspirasjon.

Alle framheva verdien av å *gjere* noko saman. Samarbeidet om ein presentasjon av musikkterapi og barn og unges oppvekst under Polyfon-konferansen 2021, vart løfta fram som eit godt døme. Slik kan arbeidsgruppas funksjon beskrivast som ein prosess i tre steg: først må ein treffast og etablere gruppa som møteplass, så må ein verte kjende og byggje tillit, og så kan ein byrje å *gjere* noko og jobbe saman mot konkrete mål.

Arbeidsgruppas erfaringar: Kva kunne ha fungert betre?

Gruppa opplever å ha fått til *noko*, men kanskje ikkje så mykje som ein hadde ønskt. Det skuldast dels strukturelle tilhøve, som konkurransen mellom «ordinær drift» og utviklingsarbeid i tenestene, men også utanforståande tilhøve som pandemien dei siste to åra. Ein skulle gjerne hatt endå meir resultat å vise til når det gjeld utvikling av nye tenester, nye kvalitetssikringstiltak eller nye søknader/prosjekt. Samstundes: Gruppa opplever seg sjølv som ein entusiastisk gjeng som prøver å få til ting med dei ressursane som er tilgjengelege. Det vil vere viktig å leggje forventingane på eit realistisk nivå.

Innspel til kva feltet treng/kva som bør vere arbeidsgruppene *mandat*, der vi er no

Eit mandat for ei slik arbeidsgruppe bør gje ei retning, men bør ikkje vere for konkret og detaljert, då det er viktig å kunne ta tak i utfordringar etter kvart som dei dukkar opp. Gruppas arbeid med musikkterapi innan «FACT Ung» vart framheva som døme. Arbeidsgruppa kan saman danne seg ein oversikt over behov og mogelegheiter, og så jobbe fram fleire stillingar, prosjekt og tiltak ut i frå det. Å sjå samanhengar, arbeide

systematisk med implementering og utvikling over tid, initiere planarbeid og forskning, vil vere viktig. Gruppa hjelper også gjerne nye aktørar som vil i gong med å utvikle musikkterapi, dersom desse er seriøse. Å sjå arbeidsgruppas og Polyfons arbeid i samanheng med arbeidet til Alrek helseklynge vert viktig.

Innspel til kva som bør vere arbeidsgruppenes *samansetjing*, der vi er no

Arbeidsgruppa har arbeidd mykje med dette spørsmålet. Det bør vere hovudvekt på leiarar/mellomleiarar i aktuelle organisasjonar og avdelingar, der ein både må vurdere kva funksjon gruppedeltakarane har og kva engasjement dei har for temaet. Det har vore heilt avgjerande å ha med ein forskar frå GAMUT/Polyfon, for å sikre kopling til fagutviklinga der, og det har vore veldig fruktbart å ha med ein representant frå praksisfeltet.

Vil det vere mogeleg/ønskjeleg å få klyngeaktørar frå andre regionar med i arbeidet?

Det bør ikkje vere eit avgrensa Bergensfokus i ei slik arbeidsgruppe, og ein ser verdien av å arbeide i ein utvida Vestlandsregion, der ein tar med aktuelle aktørar frå opptaksområda til Helse Førde, Helse Bergen og Helse Fonna. Ein vil då trenge hjelp frå klynga for å vite kva aktørar/personar som kan vere aktuelle. Også positiv haldning til å invitere inn ein forskar frå Norges musikkhøgskole. Det vil supplere kompetansen og nettverka til forskarane ved GAMUT.

Vedlegg 3b: Innspel frå Polyfons arbeidsgruppe for psykisk helse

Evalueringsmøte 15. februar, 2022: Lars Tuastad (førsteamanuensis Griegakademiet), Bjarte Johansen (brukarrepresentant MOT82), Øystein Lydvo (musikkterapeut, Bjørgvin DPS), René Misje (musikkterapeut, Kronstad DPS) og Anne Turid Nygaard (rådgjevar Bergen kommune, Etat for psykisk helse og rustjenester).

Arbeidsgruppas erfaringar: Kva har fungert?

Gruppa har opplevd det som meiningsfullt å bidra i arbeidet med å realisere ambisjonen om systematisk implementering i tenestene. Dei første åra var arbeidsgruppa særskild aktiv, særleg med å spreie informasjon og kunnskap, dels i internundervisning ved ulike DPSar og dels i direkte dialog med aktuelle direktørar. Også i nyare tid har gruppa arbeidd med dette, t.d. på førespurnad frå Helse Fonna i 2021.

Arbeidsgruppas erfaringar: Kva kunne ha fungert betre?

Aktiviteten i gruppa har vore ujamn, og det har vore ein del utskifting og utfordringar med kontinuitet. Dette har bidratt til at fokus til tider har vore uklart, og at det har vore krevjande å halde trykket oppe.

Innspel til kva feltet treng/kva som bør vere arbeidsgruppenes *mandat*, der vi er no

- No som ein del musikkterapitilbod er på plass, i ulike typar tenester, er det eit aukande behov for samarbeid og samordning.
- Samstundes er det behov for vidare arbeid med implementering. Det er t.d. framleis ganske spreidd implementering kommunalt, og ved DPSane er det underkapasitet, ofte med manglande tilbod på ålmennpsykiatriske avdelingar.
- Arbeid med kommunal førebygging og dessutan oppfølging etter behandling i spesialisthelsetenesta er eit behov. Oppfølgingstilbod er t.d. mangelfulle i sentrum av Bergen, medan ulike variantar – med meir eller mindre kommunalt engasjement – er utvikla i Åsane (MOT82), Fyllingsdalen (Lundefuglen) og i Fana (Gnisten aktivitetssenter).
- Behov for meir kunnskap om dei tenestene som vert utvikla. Kva er t.d. sterke og svake sider ved dei tre ulike variantane av oppfølgingstilbod nemnde i pkt. 3? Kva har gode oppfølgingstilbod å seie for kvalitet og kapasitet i DPSane sine musikkterapitilbod? Kva er gode musikkterapitilbod i FACT-team og andre tilbod der ein arbeider nærare folks bustad og kvardag?
- Korleis få brukarstemmene/innbyggjarstemmen tydelegare fram, både i tenestene og i forskinga?

Innspel til kva som bør vere arbeidsgruppenes *samansetjing*, der vi er no

Det er semje i gruppa om at den sterke musikkterapeutrepresentasjonen i gruppa hadde verdi i den tidlege fasen, men at det no kan vere tenleg å avgrense dette til ein eller to musikkterapeutar, der ein heller legg vekt på å få fram erfaringsperspektivet pluss ulike leiarperspektiv i tenestene (både frå kommunesektoren og helseføretaka).

Vil det vere mogeleg/ønskjeleg å få klyngeaktørar frå andre regionar med i arbeidet?

Gruppa såg mange gode grunnar til å inkludere fagmiljøa i Sogn og Fjordane og i opptaksområdet til Helse Fonna. Også positiv haldning til samarbeid med Oslo-miljøet. Dette vil krevje meir bruk av digitale møte, noko gruppa er open for, samstundes som verdien av og behovet for å møtast fysisk vart understreka. Gruppa tilrår difor eitt til to fysiske møte per år, med særleg vekt på det kreative, prosessorienterte utviklingsarbeidet som ei slik gruppe kan stå for. Dette kan då supplerast med kortare digitale møte.

Vil det vere tenleg å slå saman Polyfons arbeidsgrupper for rus og for psykisk helse?

Gruppa ser at det er gode argument for begge løysingar. Somme framheva verdien av separate grupper, m.a. av di dette kan gje eit tydelegare fokus og ein klarare profil på arbeidet. Dei fleste meinte likevel at argumenta for å slå saman gruppene var tunge: Sjølv om det er skilnad på dei to praksisfeltene, er det også ein del overlappende tematikk. Det er også behov for å leggje til rette for erfaringsutveksling mellom feltene og for å samordne og tenkje heilskapleg. Dessutan vil ei samanslåing av dei to gruppene effektivisere arbeidet og gjere gruppene meir robuste.

Vedlegg 3c: Innspel frå Polyfons arbeidsgruppe for rus

Referatet byggjer på ein samtale 16. mars 2022, der klyngeleiar Brynjulf Stige intervjuar arbeidsgruppeleiar Martine Lepsøy Bonnier (Etat for psykisk helse og rustenester, Bergen kommune) om hennar vurderingar av dei ulike evalueringsspørsmåla. Gruppa har vore aktiv tidlegare, men ligg no nede, då pandemien og klyngas interimperiode gjorde det vanskeleg å erstatte medlemmar som fall frå av di dei skifta jobb.

Arbeidsgruppas erfaringar: Kva har fungert?

For leiarar/mellomleiarar/fagfolk i tenestene er det viktig å kunne møtast i ei gruppe med tydeleg fokus på musikkterapi. Det har vore med på å synleggjere verdien av ulike musikkterapitilbod og har bidratt til å setje musikkterapi på dagsorden.

Som representant for Bergen kommune, er det kjekt å kunne vise til at ein i 2021 endeleg kom i gong med å etablere musikkterapistillingar i ulike einingar under Etat for psykisk helse og rustenester. Litt uklart kor mykje arbeidsgruppa har bidratt til dette, men heile samspelet i Polyfon har i alle fall det.

Elles: Har vore gull å ha med brukarkompetanse i arbeidsgruppa. Det gjer noko med fokus i diskusjonane.

Arbeidsgruppas erfaringar: Kva kunne ha fungert betre?

Denne gruppa treng å arbeide meir med spørsmålet om samansetjing. Det har heile tida vore med flinke og engasjerte folk i gruppa, men kva vert effekten av diskusjonane dersom dei ulike deltakarane ikkje har roller og posisjonar som gjer at dei kan påverke val og prioriteringar i eigne organisasjonar? Behov for ein grundig gjennomgang av kven som skal sitje i ei slik gruppe, på kva nivå og med kva ansvar.

Innspel til kva feltet treng/kva som bør vere arbeidsgruppenes *mandat*, der vi er no

Gruppa treng eit meir konkret mandat. Det skrivet som har definert oppgåver, samansetjing og arbeidsmåtar så langt, er for generelt når det gjeld mandat. Dersom gruppa skal arbeide med alle Polyfons målsetjingar, vert det overveldande. For rusfeltet vil det vere behov for eit tydeleg mandat orientert mot å utvikle gode, integrerte og heilskaplege tenestetilbod som også inneheld musikkterapi, i alle aktuelle delar av dei ulike organisasjonane som er med i klynga.

Innspel til kva som bør vere arbeidsgruppenes *samansetjing*, der vi er no

Som antyda over: Det er viktig at representantar i gruppa har eit leiaransvar, med blick på alle tenestene i organisasjonen, og at dei arbeider med fagutvikling og implementering som er forankra i organisasjonen. Det kan t.d. vere øvste leiar for ein etat, ei avdeling, osv. Samstundes: Framleis viktig å ha med person(ar) med brukarerfaring. Musikkterapeutkompetansen bør også vere der, med ein eller to personar, helst då nokon som har god kontakt med heile nettverket av musikkterapeutar på det aktuelle området. Vidare vert det nødvendig/viktig å ha ei god kopling til Polyfon og fagmiljøa/sekretariatet i klynga.

Like viktig som å drøfte kva personar/posisjonar som bør vere representert, vert det å tenkje gjennom at alle aktuelle organisasjonar er inkluderte, t.d. alle aktuelle etatar i dei kommunane som er med, både psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling i helseføretaka, aktuelle privat-ideelle aktørar innan lågterskeltilbod/ettervern, osv.

Vil det vere mogeleg/ønskjeleg å få klyngeaktørar frå andre regionar med i arbeidet?

Ein viktig funksjon arbeidsgruppa har er at ho gjev rom for å dele erfaringar og utvikle ei prinsipiell, overordna tenking. Berre positivt då om Helse Fonna og Helse Førde blir med i samarbeidet, og også om Kinn kommune og andre kommunar i samarbeidet vert med.

Vil det vere tenleg å slå saman Polyfons arbeidsgrupper for rus og for psykisk helse?

Det er ønskjeleg å slå desse gruppene saman. Det vil spegle den samordninga og heilskapstenkinga som er under utvikling både kommunalt og i spesialisthelsetenesta. Å slå saman arbeidsgruppene vil gjere gruppene meir robuste og sterke, og vil lette arbeidet med fagleg integrasjon og heilskapstenking, på tvers av siloorganisering.

Andre erfaringar/innspel?

Leiaransvaret for dei ulike arbeidsgruppene bør rullerast, årleg eller anna kvart år. Dette dels av di dei som har nok erfaring til å leie ei slik gruppe som regel også vil ha travle dagar. Kanskje endå viktigare er det at det å la leiaransvaret gå på omgang også vil aktivere og ansvarleg-gjere dei ulike instansane som får dette vervet.

Vedlegg 3d: Innspel frå Polyfons arbeidsgruppe for eldrehelse

Innspela er samla inn gjennom ein e-post-runde i første halvdel av mars 2022, der alle i arbeidsgruppa var inviterte: Gruppeleiar Frode Wikne (NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus), Line Barmen (Øygarden kommune), Rune Eidset (Bergen kommune), Anna Helle-Valle (Bergen kommune/ Polyfon), Minna Hynninen (NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus) og Frode Fadnes Jacobsen (HVL, Senter for omsorgsforskning Vest).

Arbeidsgruppas erfaringar: Kva har fungert?

I utgangspunktet nyttig med ei samansetting av personar med vedtaksmynde i eigen organisasjon, kombinert med positiv vilje og engasjement for arbeidsgruppas tema og mandat. Det har vore mykje engasjement i møta, mange gode idear og prosjektforslag. Positivt med samsnakk på tvers av forvaltnings-/forskningsnivå. Definert felles forståing av noverande og framtidige behov for å tenkje endring i bruk av kompetanse (musikkterapeutar). Vilje på tvers om fagutvikling og planar om korleis realisere dette.

Arbeidsgruppas erfaringar: Kva kunne ha fungert betre?

- Møtedeltakinga har vore varierende, då det er travle folk som er med. Det har vore store utfordringar knytt til å finne tidspunkt for møte, dels ut i frå deltakarane sine «posisjonar» og generelt travle dagar, dels ut frå koronasituasjonen.
- Det er forskjellige interesser som vert fremma i møta, ikkje nødvendigvis brei semje om fokus. I tillegg utfordringar når det gjeld å definere konkrete tema for arbeidet. Det har vore eit spenn i interesser, frå konkret bruk/prosjekt knytt til «musikkappen» (Samla, nå Mundu) til brukarorienterte initiativ til meir utfordrande, «større og luftigare» tema på samfunnsnivå.
- Ønskjeleg med avklaring knytt til roller, inkludert koplinga til Polyfon og til praksisfeltet. Kan vere risiko for at prosjekt og diskusjonar vert prega av kven som deltar i gruppa, like mykje som faglege behov og mogelegheiter på eldrefeltet.
- Er vanskeleg å få driv i arbeidet og få ting til å skje *mellom* møta. Ofte mangelfull oppfølging av kva vi vart einige om på møta. Deltakarane burde i større grad forplikte seg til å prioritere avtalte møte, og til oppfølging. Men igjen: Er dette prisen å betale for ei gruppe sett saman av leiarar? Burde ein hatt ei litt anna samansetjing av arbeidsgruppa, med representantar nærare praksis?
- Praksis rundt referat frå møta har ikkje vore tilfredsstillande.

Innspel til kva feltet treng/kva som bør vere arbeidsgruppenes *mandat*, der vi er no

- Fokus på tenesteutvikling som kan bidra til å fylle hola i tenester for eldre, ikkje minst med tanke på heimebuande personar med psykiske lidingar.
- Mandatet bør framleis vere å initiere brukarorienterte tiltak/prosjekt, av så konkret art som mogeleg. Prosjekta bør inkludere musikkterapeutar, både på pasient- og systemnivå.
- Behov for nettverk på tvers, med kompetanseoverføring. Korleis leggje til rette/organisere utover det vi har i dag? Vi treng måling for å vise resultat – gevinstrealisering – etablere. Behov for marknadsføring av musikkterapi inn mot politiske fora.

Innspel til kva som bør vere arbeidsgruppenes *samansetjing*, der vi er no

- Somme meiner at samansetjinga bør vere som no, men med god avklaring av roller og plikter, *før* ein går inn i arbeidsgruppa. Viktig med leiarforankring og at det er leiarar som deltar.
- Andre meiner at samansetjinga bør endrast, med representantar som er nærare faget, einingsleiarar. Samstundes er det viktig med deltaking av personar med fullmakter. Balansen må vurderast i samband med mandat.
- Uansett trengst det også «nokon» som har tid til å følgje opp sakene, skrive søknader og prosjektskisser, få i gong eit prosjekt, osb.

Vil det vere mogeleg/ønskjeleg å få klyngeaktørar frå andre regionar med i arbeidet?

- Fleire i gruppa tviler på at det vil bidra til at det vert lettare å få i gong konkrete prosjekt. Samarbeid på sak, eventuelt? Gruppa har allereie utfordringar når det gjeld å samle deltakarar til denne type «dugnad».
- Andre synspunkt: Ikkje på noverande tidspunkt – men om vi etter kvart finn form på samarbeidet er det ønskjeleg. Og: Innlemming av andre regionar kan ha både fordelar og ulemper. Fordelar kan inkludere auka dragkraft og meir variert erfaring med samansett endringsarbeid i større og mindre skala. Ulemper vil inkludere at det vert fleire folk og vanskelegare å finne tidspunkt og felles retning.

Vedlegg 4: Rapport frå Polyfons erfaringspanel 2018-2021

Erfaringspanelet til Polyfon ble opprettet i 2018, den gang ved navn «Brukerpanelet». I starten var hovedfokuset å utdanne panelet for å øke kunnskapen om hva musikkterapi er. Det ble også satt som mål å ha et foredrag fra en fagperson innen de ulike fagfeltene på hvert møte. Panelet har oppnådd å spre kjennskap til Polyfon i flere brukerorganisasjoner. Tidligere panelleder Bjarte Johansen har vært aktiv på Polyfon-konferanser. Han har presentert og synliggjort panelet også på andre fagkonferanser.

Et av initiativene til Erfaringspanelet var å bli representert i styringsgruppa. Formålet var utjevning av makt. Dette ble oppnådd i 2019. I dag er det to brukerrepresentanter fra Erfaringspanelet i styringsgruppa, nærmere bestemt panelets leder og nestleder. Erfaringspanelet har også gitt innspill til utdanning av musikkontakter i Bergen kommune. Her var det dessverre interne problemer i kommunen som gjorde at det ikke gikk som planlagt.

Panelet har videre gitt innspill til diverse kurs, deriblant *En smakebit av musikkterapi*, hvor panelet var tidlig på banen med å foreslå et innføringskurs i musikkterapi til erfaringskonsulenter og andre interesserte. Som tidligere panelleder, har Bjarte kommet med innspill til spesialistutdanningen for musikkterapeuter innen psykisk helse og rusarbeid. Bjarte har også hatt mye samarbeid med klyngeleder Brynjulf Stige.

Oppstarten av erfaringspanelet har vært en læringsprosess med prøving og feiling. Under koronapandemien har det vært mindre aktivitet i panelet, men det har blitt avholdt noen møter, hvor det siste fant sted juni 2021. I 2020 ble det besluttet å ansette en erfaringskonsulent i en 20 %-stilling, som også skulle fungere som Erfaringspanelets leder. Kristianne Ervik ble ansatt i denne stillingen 1. desember 2021.

Et overordnet mål for nyåret 2022 er å få Erfaringspanelet på fote igjen. En del av dette arbeidet vil innebære å skaffe flere medlemmer til panelet, også fra utenfor Bergensområdet. Det er ønskelig med medlemmer fra hele Vestlandsregionen og Osloregionen, slik at alle klyngedeltakernes geografiske nedslagsfelt blir inkludert. I tillegg vil det være viktig å avklare tydelig hva panelets mål og oppgaver skal være, i samarbeid med panelmedlemmene.